

KOMMUNALT INFORMASJONSMAGASIN FRÅ LUSTER KOMMUNE

LUSTRA NYTT

Nr. 1 | 2022 27. årgang



God sommar!



*Ordførar Ivar Kvalen.
Foto: Andreas Eikseth
Nygjerd AENfotografi.*

Gode lusteringar

Sommaren er i emning, grøne lier og varmare dagar ligg framfor oss. Ein veldig fin snøvinter ligg bakom, kanskje somme dagar i mesta laget med snø, i vertfall for dei som skulle halde vegar og parkeringsplassar opne. Men trass alt veldig gode forhold for ski og

laussnøkøyring. På Heggmyrane kom folk reisande frå heile landet for å köyre i «pudder». Sogns Skisenter har etter kvart opparbeidd seg det beste rykte på laussnøkøyring. Mange tilreisande eg snakka med i vinter sa rett ut at her er beste forholda for denne populære aktiviteten. Slikter er kjekt å høre.

Det manglar ikkje på flotte tilrettelagde turmogelegheiter i Luster kommune. For utan dei flotte løypene på Sogn skisenter både nede og på fjellet, har me Johan Hilleren som lagar «trikkeskinner» fram til Tungestølen, Jon Evjestad sine flotte løyper i Leirdalen som alltid er klar tidleg i sesongen, fleire løyper i Jostedal og andre bygder, Anders og Ove Fortun sine løyper i Turtagrø og på Sognefjellet, truleg med verdas flottaste utsikt. Dei siste og veldig populære løypene i regi av Asle Karoliussen og Gaupne bygdelag frå Engjadalen og framover til Seljesete, Rysete og heilt til Fivla. Eg trur ikkje det er ei løype i Sogn med fleire soltimar enn den. Me lusteringar er veldig takksame for all dugnaden de legg ned for alle oss andre.

Nyhendebilde denne etterjulsvinteren har i stor grad vore prega av den forferdelege krigen i Ukraina og prisane på olje, gass og straum. Utan samanlikning er det som skjer i Ukraina, midt i hjartet av Europa, grufulle handlingar. Det er nesten ikkje til å tru at me står midt i den største krigshandlinga og humanitære katastrofa sidan andre verdskrig, berre ein liten flytur frå Noreg. At eit av våre naboland skulle gå til ein så tung militær aksjon mot eit fredeleg demokrati kom overraskande på oss alle, sjølv om fleire ekspertar har åtvara om den uheldige utviklinga dei styrande i Russland hadde, frå å vere eit slags demokrati til å bli eit reint diktatur. FN meiner at så mange som 12 millionar mennesker er på flukt i Ukraina no, det er det dobbelte av innbyggjartalet i vårt eige land. Det er enorme dimensjonar på det som skjer no, og ikkje minst ein ufatteleg tragedie for alle dei som har mista

familie, vener og heimar. Me i Luster er utfordra av UDI å busette 90 flyktningar i 2022. Det har me sagt ja til. Kommunen har no rigga opp eit godt tenesteapparat for å handtere alle som kjem, det er grunn tru at fleire av dei som kjem har hatt traumatiske opplevingar, vår oppgåve som kommune er å gje dei all den faglege og medisinske hjelp dei treng, gode butilhøve, barnehage, skule og jobbtilbod. Det har vore ei stor glede å registrere alle lusteringar som vil hjelpe, eg har ikkje tal på alle telefonar, e-postar og meldingar eg har fått dei siste månadane frå lusteringar som vil bidra, det syner hjartevarme.

Den andre store saka i media er energiprisane, både straum, diesel og bensin har nådd rekordhøgder dei siste månadane. For mange er det vanskeleg å forstå at eit land som produsere så mykje vasskraft, olje og gass skal ha Europas høgaste energiprisar. Det kostar om lag 10-12 øre å produsere ein kWh straum i Noreg, så får ei linjekoststand i tillegg. At ein då må betale heilt opp mot 3 kroner for noko som kostar 10 øre å lage er lite hyggeleg, ekstra irriterande er det og når nabokommunar nord og vest for oss har ein straumpris som er tiandedelen av vår. Landet vårt er delt inn i straumregionar. Vårt straumområde er kopla på den europeiske marknaden, me får då europeiske prisar her. Områda nord om oss har ikkje linjekapasitet ut. Dei må bruke straumen i eige område og har difor låg marknadspris på straum no.

Staten har heldigvis innført straumstøtteordning for privatkundar, 90% av alt over 70 øre tek staten kostnaden med. Men for næringslivet har det vore ekstra tøft, dei har ingen statleg støtteordning. Fleire av hotella i regionen vår har 5 dobbel straumrekning mot «normalen». Det er krevjande når me og harhatt stor svikt i turismen siste 2 åra. Det har vore viktig for meg å gje næringsliv trygge og føreseielege råmer for å driva. Kommunestyret valde å tilby bedriftene i Luster fastpris på straum, med opptil 3 års binding. Så langt har mange bedrifter teikna seg. Eg vonar dette kan lette på kvardagen til næringslivet og tryggje arbeidsplassane for oss lusteringar. Korleis energiprisane vil verte i framtida er uråd å spå, men det er all grunn til å tru at dei vert høge lenge enno. Vasskrafta i kommunen vår vil bli verdsett høgt i åra framover.

Me får håpo på ein fin sommar med passeleg mykje vær, godt med sol til å bada og nok regn til å halde grøda og vassbassenga ved like.

God sommar alle.


Ivar Kvalen, ordførar

Rådmannen har ordet: **Gode tider og krevjande tider**

Rådmann
Jarle Skartun.



Rådmann har tidlegare skrive om omskiftelege tider. Det synes vere god grunn til å fortsetja med det. Om pandemien i hovudsak gjerne kan seiast vere over så blir me utfordra på andre og nye område. Krigen i Ukraina er definitivt krise, både krigen i seg sjølv og flyktning-situasjonen som den skapar. Me er godt i gang med å ta mot flyktningar og eg er trygg på at både det kommunale apparatet og lusteringane her vil stille opp på ein god måte. Globalt ser me og kriser som smittar over på det nasjonale og også på det kommunale. Ein kan nemne klima, matvare, økonomi og ikkje minst energi som stikkord på at det er krevjande tider. På godt og vondt får me utfordringar og verknader òg i Luster.

Ikkje minst på energiområdet med drivstoff og straum, ekstra utgifter, men for kommuneøkonomien store ekstra inntekter.


Årsrapporten for 2021 og starten på 2022 syner stor og god aktivitet på nær sagt alle område. Den kommunale økonomien er styrka ytterlegare med tre år med gode økonomiske resultat. I sum har drifta halde seg innanfor dei økonomiske rammene som er vedtekne av kommunestyret. Så er det ekstra inntekter som til dels må kallast ekstraordinære som har gitt gode resultat. Inntekter frå børspapir og, i 2021 og i år, kraftinntekter som er langt langt høgare enn tidlegare. At me og greier halde oppe folketal og har god sysselsetting gir god utteljing i inntektssystem og skatteinngang. Me tryggar med dette kommuneøkonomien. Det har gitt grunnlag for å ta vekk den allmenne eigedomsskatten. No gir det og eigenkapital som gjer at investeringstakt/nivå kan aukast utover det planlagde. Kommunestyret har gitt signal og oppdrag om å utgreie helse/omsorgssenter Gaupne, kulturbygg Gaupne og idrettshall/aktivitetsbygg Hafslo – ev store investeringar som vil krevja mykje eigenkapital om prosjekta skal realiserast i løpet av nokre år. No er det barnehageutbygging som skal landast og så er det mange prosjekt å ta tak i vidare.

Rådmannen sin største jobb og ansvar er å sikra den kommunale drifta på ein god måte og følgje opp kommunestyret sine vedtak. Det er og viktig å sjå framover på kva som møter oss. Det som i dag gir oss størst bekymring er altså ikkje kommuneøkonomien, men definitivt rekruttering og bemanning. Det gjeld definitivt til kommunale stillingar, men me ser og at næringslivet elles manglar tilsette.

Utviklinga syner ein meir krevjande arbeidsmarknad og heile kommunesektoren peikar på rekruttering i samanheng med aukande tal eldre som den store utfordringa og då innan helse og omsorg. I tillegg til kampen om fleire hender vil det truleg og handle om både strukturar og omstilling for hendene kan verte vanskeleg å finna.

Me ser i dag ei meir krevjande rekruttering; færre på søkerlistene, me manglar sjukepleiarar, krevjande å dekke opp med legar og nærmast håplaust å finne vikarar både i barnehage og fleire tenester.

Så sjølv om me så langt har greidd å rekruttere bra så vert det viktig å arbeide godt på dette området. Me må ta vare på at me har eit bra omdøme og eit godt arbeidsmiljø. Det vert viktig å arbeide aktivt med kompetanseutvikling og gode rekrutteringstiltak både internt og eksternt for å møta utfordringane med bemanning. Utgangspunktet er godt og det er ei god hjelp fram mot noko meir krevjande tider.


Jarle Skartun, rådmann

Nye lustringar: **Torill og Morten**

Fortel litt om dykk sjølv:

– Vi er en familie på fire, Ela (4), Ask (12), Torill (40) og Morten (45). Flyttet til Skjolden etter 15 år i Lom og Vågå etter å ha hatt hytte her i 3 år.

Torill er opprinnelig fra Rygge og hjelper små bedrifter i Norge og utlandet med å starte og drive lønnsomme bedrifter i sitt eget firma Fjellflyt AS, gjennom fysiske og digitale kurs, konferanser og coworking. Morten er oppvokst i Larvik og jobber som skjøtselansvarlig på Ornes og er grafisk designer i sitt eget firma Løwehjerte design

AS på vinteren. Både store og små i familien liker å lage ting, så sammen med noen flere fra Skjolden har vi lyst til å starte et Skaperverkstad der man kan lage ting av papir, tre, metall og lære seg å bruke verktøy som laserkutter og loddebolt.

Kvífor kom de til Luster?

– Opprinnelig kjøpte vi hytte i Skjolden fordi vi ønsket oss en skrivestue og arbeidssted ved fjorden. Så vi kom til området fordi naturen lokket, men grunnen til at vi har valgt å bli er mye mer sammensatt.

Det er et helt unikt samhold blant folk på Skjolden som vi har blitt inkludert i på en fantastisk måte. Folk er åpne, engasjerte og fremoverlente. Barnehagen og skolen har dyktige pedagoger og ansatte som har gjort hverdagen trygg og utviklende for barna. Både privat og i jobbene våre søker vi å jobbe kreativt og indre Sogn og Luster kommune er en veldig stimulerende plass å være.

Kva er det beste med å bu i Luster?

– Folkene, naturen og den gullkantede kombinasjonen av spektakulær natur, aktivt frivillig liv og offensivt næringsliv.

Kva kan Luster bli betre på?

– Sogndal er en motor som drar med seg områdene rundt, men kommunen må holde trykket oppe for å realisere det store potensialet for tilflytting og næringsutvikling som finnes også ute i bygdene. Det er en økt mobilitet i samfunnet og folk ønsker høy livskvalitet. Det er ingen enveisbillett å flytte på bygda lenger, og det har blitt lettere å teste ut bygdelivet for et år eller to ved å ha hjemmekontor eller jobbe fra et kontorfellesskap. Flere kan få oppleve å bo på sin drømmepllass - som Skjolden er for oss!



Nye lustringar:

Bessy og Christian

Fortel litt om dykk sjølv:

– Vi heiter Christian & Bessy Murillo. Vi kjem frå Honduras, som er eit vakkert, lite land i Sentral-Amerika. Eg, Christian, arbeider hjå Avery Dennison NTP som Sr. Operations Manager og har hatt denne rolla sidan januar 2021, medan Bessy tek masterutdanning innen HR (Human Resources). På fritida vår likar vi å reise for å oppleve nye plassar, gå på tur og å fotografere den vakre naturen i Noreg.

Kvifor kom de til Luster?

– Etter å ha arbeidd i selskapet, Avery Dennison, i over 10 år fekk eg moglegheit til omplassering til vår norske bedrift, mest kjent som NTP, frå Colombia der vi hadde budd dei

siste 3 åra. Så det var i hovudsak arbeid som gjer at vi flytta til Gaupne.

Kva er det beste med å bu i Luster?

– Det er mykje vi liker med Luster! Blant anna har kommunen eit vakkert landskap med mange moglegheiter for aktivitetar utendørs der ein verkeleg får oppleve den flotte naturen! Døme på dette er å gå fjelltur opp Molden eller å ta ein båttur på Lustrafjorden.

Kva kan Luster bli betre på?

– Luster er ein svært vakker kommune, og i dei 17 mnd vi har budd her har alle vert hyggelege i møte med oss, så vi ser derfor lite behov for forbeteringar! Om vi likevel må nemne noko



vil det kanskje vere korleis ein kan støtte opp under meir integrering for nye landsmenn da det t.d. kan vere utfordrande med administrative dokument og ukjente prosedyrer, som gjerne er annleis enn det ein er vant med i heimlandet.



Noregsmeister – ivrar for betongfaget

Per Hauge frå Skjolden møtte i kommunestyret 12. mai og vart heidra for prestasjonen som norgesmeister i betongfag tidlegare i vår. Han er elev ved Sogndal vidaregåande skule. Til hausten blir han lærling hjå Hæhre entreprenør. Det ser han fram til. Gratulerer Per!

Noregsmeister Per Hauge ser fram til å starte lærretida si hjå Hæhre entreprenør. Han har allereie vist at han meistrar betongfaget.

Frå krig til paradis



Inna, Roman og Leon på 17. mai.

I Kharkiv i Ukraina, ein by med ca. 3 millionar innbyggjarar på grensa til Russland, bur ein liten familie på 3 og lever eit heilt vanleg ukrainsk familieliv. Kharkiv er den nest største byen i Ukraina, og eit viktig industrielt og vitskapeleg senter i landet. Familien me skal bli kjende med består av mor Inna, far Roman og Leon snart 3 år. Dei trivs godt i byen. Eit vanleg liv her er minimum 12 timars arbeidsdag, og lite tid til fritid og familieliv. Roman jobbar som sikkerheitsansvarleg brannmann i eit oljerelatert firma. Inna jobbar som designar og produserer gardiner og møbeltrekk.

24. februar 2022 blir Ukraina invadert av Russland. Ein trygg kvardag blir riven opp med rota for den vesle familien. Europa går i beredskap og norske myndigheter ber kommunane bu seg på å ta i mot ein flyktingstraum ein ikkje har sett sidan 2. verdskrig. Integrerings og mangfaltsdirektoratet ber kommunane melde inn kor mange ekstra flyktningar ein ser føre seg at ein kan busetje i 2022. Luster kommune er oppmoda om 18, men melder attende at me kan ta i mot 40. Få dagar etter vert kommunen oppmoda om å busetje 90 flyktningar i 2022. Dette er ut i frå eit estimat om at 35 000 flyktningar vil komme til Noreg

i 2022, 30 000 av desse frå Ukraina.

Den vesle familien i Kharkiv flyktar no ned i ein bunkers/kjellar som dei tidlegare har bygd under huset. Her bur dei ein månad. Bombene fell kring dei. «Det er utruleg kva som blir til ein kvardag og ein slags normalitet» seier Inna om tida i kjellaren. I kjellaren har dei få kvadratmeter å leve på. Ein oljefyrt ovn for å halde varmen, og nokre madrasser å sove på. Leon på snart 3 år skal ha ein form for aktivitet. Det vert mykje leik med bestemor via Facetime. I nokre få «trygge» augeblikk kan familien gå opp i huset og hente forsyningar og andre ting dei treng. Når flyalarmen går,

søkjer dei dekning i bunkersen att. Dei kjenner at dei eigentleg ikkje er trygge i bunkersen/kjellaren heller. Den er ikkje langt nok under jorda.

I Luster treffest representantar frå administrasjonen, helse, oppvekst, eigedom, næring og NAV/flyktningtenesta for å drøfte om og korleis kommunen kan riggast for å ta godt i mot så mange flyktningar på så kort tid. I møtet vert ein einige om at kommunen ønskjer å svare positivt på IMDi si oppmoding. Formannskapet gjer vidare endeleg vedtak om dette. Arbeidet er såleis i gong med å kartlegge bustadkapasitet, klargjere bustader, sikre tilstrekkeleg oppfølging på helse, kartlegge kapasitet i barnehage, SFO og skule, rigge vaksenopplæringa for eit større tal elevar enn forventa, sikre økonomiske rettar for flyktningane, og sikre at flyktningtenesta er klare for å ta i mot og busetje alle dei nye som skal kome til kommunen vår.

Eit tett og godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar vert i tida framover enda meir viktig å ha fokus på for å inkludere dei nybusette i bygdene våre. I eit samarbeidsmøte mellom flyktningtenesta og frivillige fekk ein gode drøftingar på korleis ein saman kan få til integrering og inkludering i Luster. I etterkant av dette møtet får ein tilsett i kommunen ansvar for å koordinere frivillige som kan tenkte seg å vera fadder/faddarfamilie til flyktningar i kommunen.

Den vesle familien i Kharkiv forstår at krigen kjem til

å vere ei stund. Dei bestemmer seg for å flykte til Polen. Der får dei tak i flybillettar til Noreg. Inna og Leon reiser først, Roman kjem rett etterpå. Familien kjem til Torp, og vert vidare transportert til Råde. Der ventar registrering hjå politiet, søknad om asyl, asylintervju og røntgen av lunger. Vidare går ferda til mottak i Tønsberg, før den går vidare til mottak i Florø. Etter ei tid på mottak i Florø får familien busetjingssamtale med tilsette på mottaket og familien er såleis klare for busetjing ut i kommune.

No får flyktningtenesta i Luster melding om fordeling til kommunen. Det er Inna, Roman og Leon som skal komme. Flyktningtenesta kontaktar då ansvarleg for tilgjengelege bustader i kommunen, og finn saman ein bustad som er eigna i høve familien. Vidare får mottaket melding attende kva dato familien er velkomne til kommunen. Flyktningtenesta tek kontakt med frivilligsentralen som bistår med å skaffe klede og utstyr, med oppvekst som ser på kvar og kor mykje Leon kan få barnehageplass, med vaksenopplæringa knytt til norskopplæring for dei vaksne, og med koordinator for frivillige for å prøve å få ein fadderfamilie til den vesle familien. Flyktningtenesta ser på bustaden og møblerer og gjer klart det som er nødvendig.

Så er dagen komen. Ein spent familie set seg på bussen i Florø og set kursen mot Sogndal. Ein ettermiddag i mai står spente tilsette i flyktningtenesta på Sogndal skysstasjon og ser etter andleta dei har sett på eit lite passbilde med informasjon

om familien. Roman, Inna og vetele Leon kjem ut av bussen og helser høfleg. Dei er spente og klare for å lande ein stad. Familien vert busette på Hafslo. «And finally we came to paradise» seier Inna begeistra og ser rundt seg.

I Kharkiv har mange sivile mista livet, hus er øydelagde, det same er infrastrukturen. Menneska i Kharkiv lever under fattigdomsgrensa, og overlever no på matrasjonar frå myndighetene.

I Luster ventar no kartlegging av kompetanse og plan for familien vidare, helseundersøking, oppstart i barnehage og etablering av bankonto. Store spørsmål skal besvarast. Skal mor og far arbeide? Gå på norskopplæring? Begge deler? Skal dei delta i kommunen sitt introduksjonsprogram? Korleis blir kvardagen for Leon i barnehagen? Blir familien verande i Luster? Kan dei trivast på Hafslo når dei kjem frå ein storby?

Svara finst i framtida. Fyrst ventar salutt på 17. mai, feiring av nasjonaldagen og møte med mange nye menneske med eit anna språk og ein litt annan kultur.

Familien er svært takksame for varmen og kjærleiken dei har møtt i Noreg. «Måten me blir møtt på gjer at me kjenner oss velkomne. Me ønskjer å bidra i det norske samfunnet, lære norsk, jobbe og få eit godt liv».

Me ønskjer familien velkomne til Luster!

NAV Marknad og inkludering

– nytt team i region Sogn

20. april var oppstarten for det regionale markands- og inkluderingsteamet i NAV region Sogn. Det nye teamet skal bidra til å styrke og utvikle tenester, relasjoner og samarbeid med arbeidsgjevarar i alle dei seks kommunane i regionen vår, fortel Sara Christine Johnsborg, leiar NAV region Sogn.

– Mangelen på kvalifisert arbeidskraft er alvorleg for mange bedrifter i Sogn. Vi ønskjer å få meir kunnskap om behovet hjå bedriftene våre. For mange går glipp av moglegheitene som finst i arbeidsmarknaden. Vi ønskjer å utvikle ei meir profesjonell teneste som bidreg til betre kopling mellom behova i arbeidsmarknaden og ungdom, innvandrar og andre som blir ståande på utsida av arbeidslivet, men som ønskjer seg inn.

NAV Marknad og inkludering skal syte for oppfølging av alle ordinære arbeidssøkjarar og permitterte i region Sogn. Alle som melder seg til NAV får tett oppfølging i høve CV, jobbprofil, aktivitetsplan og jobbsøk.

– Med felles rutine og arbeidsmetodikk i heile regionen blir alle som er tilmeldt NAV møtt med positive forventningar til arbeid, og fleire kjem raskt i gang med å söke jobb. I tillegg får vi avklart raskare kven som treng

meir bistand for å kome i arbeid, fortel teamkoordinator Jonas Grotle Førde.

Det er eit mål at det nye teamet skal styrke inkluderingsarbeidet i heile regionen. NAV Marknad og inkludering får mellom anna ansvar for å inngå avtale om «Vi inkluderer!» med fleire bedrifter.

– Saman med rettleiarar i NAV-kontora skal vi finne løysingar for dei som treng mest hjelp for å få innpass i arbeidslivet. Ved å jobbe på denne måten vil vi få god oversikt over behov og ønskje hos både bedrifter og arbeidssøkarar. Slik får vi eit endå betre grunnlag for å starte skreddarsydde opplæringsløp med mellom anna NAV, Vestland fylkeskommune og næringslivet, seier Kine Lindstrøm Bolme i NAV Marknad og inkludering.

Ta kontakt med NAV Marknad og inkludering om bedrfta di

- Har behov for rekruttering
- Ønskjer å legge til rette for inkludering på arbeidsplassen
- Har spørsmål om tilrettelegging
- Ønskjer tips til korleis nytte *arbeidsplassen.no* meir effektivt

Marknadskontaktane i region Sogn er:



Kine Lindstrøm Bolme
E-post: kine.lindstrom.bolme@nav.no
mob. 955 24 489



Jonas Grotle Førde
E-post: jonas.grotle.førde@nav.no
mob. 955 24 489



Øyvind Barsnes
E-post: oyvind.barsnes@nav.no
mob. 955 24 489

Nye helsefagarbeidrarar i omsorgstenesta

Våren 2020 gjorde omsorgstenesta avtale med AOF fagskolen om opplæring av tilsette med arbeidserfaring innan helse og omsorgsarbeid. Målet var å få fleire tilsette til å ta fagbrev i helsefagarbeidet. Tilsette frå Grandmo miljøteneste, Gaupne omsorgssenter og Luster omsorgssenter, til saman ni personar blei med på avtalen. Dei starta opplæringa i september 2020 og hadde undervisning ein gong i veka fram til juni 2021. Undervisninga gjekk føre seg på Kaupanger saman med tilsette frå andre kommunar. Grunna koronaepidemien blei det også nettbasert undervisning.

Kandidatane kunne melde seg opp til praktisk fagprøve etter bestått eksamen i teoridelen og godkjent praksis. Alle ni bestod eksamen og nokre var klare til å melde seg som privatistar til praktisk fagprøve med det same.

Godkjenning av praksistida og oppnevning av sensorar tok lang tid. Den første kandidaten, Mette Parteny frå Gaupne omsorgssenter tok fagprøva i februar 2022. I mars/april var det Eirin Høyheim Storvoll og Linda Goldman frå Luster omsorgssenter som bestod fagprøva.

Eirin Høyheim Storvoll og Linda Goldman.



Mette Parteny.

Lwam Teklemariam Mruts tok i juni sitt fagbrev, ho har hatt læretida si på Gaupne omsorgssenter.

Vi er glade for å få fleire helsefagarbeidrarar og gratulerer dei som har bestått eksamen, og lykke til for dei som har eksamen i vente.

Lwam Teklemariam Mruts.





Lærarsamlinga vart avslutta med guida tur til Veitastrond, noko gjestene var særstakt begeistra for. Aud Marit Hilleren stod for kyndig og historierik guiding.

Thank you, Luster!

Europeisk lærarkurs på Hafslo og i Gaupne

Etter to års ventetid var det endeleg Luster sin tur til å vera vertskap for lærarkurs i Erasmus+-prosjektet STEAMING. Første veka i mai fekk over 30 utanlandske lærarar og skuleleiarar oppleva eit variert fagleg og kulturelt program i eit vårfagert Sogn.

Luster kommune ved Gaupne skule, Hafslo barne- og ungdomsskule og Luster ungdomsskule deltek i eitt treårig realfags- og teknologiprojekt kalla STEAMING saman med partnerar frå Irland, Portugal, Hellas og Kroatia. Prosjektet er støtta gjennom økonomiske midlar frå utdanningsprogrammet til EU; Erasmus+. Det er Irland som er koordinator for prosjektet ved det pedagogiske senteret i County Clare. I tillegg er også lærarutdanninga Mary Immaculate

College partner. Denne høgskulen tilbyr masterprogram i STEAM-utdanning og driv forsking på fagfeltet.

Stolte og ivrige elevar

Dei europeiske gjestene vart innkvarterte på Eikum hotell, og Hafslo var base for mange av aktivitetane. Måndag 3. mai opna lærarkurset med allsong av alle elevane på Hafslo barne- og ungdomsskule og helsing frå ordførar Ivar Kvalen. Etterpå var det omvising på skulen og fleire elevar med lærarar hadde fått i oppdrag å fortelja om konkrete prosjekt og arbeidsmåtar i Hafsloskulen.

Dagen etter var det tilsvarende skulebesøk ved Gaupne skule og ved Luster ungdomsskule. Også i Gaupne vart gjestene mottekne med song og flagg. Veldig kjekt for både små og store. Ein elev

var så ivrig over besøket at han stilte i landslagsskjorta til Portugal. Torsdagen stod skulebesøk på Veitastrond på programmet. Gjestene var alle stader imponerte over kor flinke lustraelevane var i engelsk og tykte vel om både skulearbeidet og dei fysiske fasilitetane dei fekk sjå.

Lærar ved Hafslo barne- og ungdomsskule Katrin Lægreid Nes seier til Lustranytt at «Gjennom eit slikt besøk får me vist fram det me gjer og som me kanskje ikkje tenkjer på som noko spesielt. Når me får attendemelding om at me gjer er bra, så gjev det god sjølvkjensle. So er det også slik at me naturlegvis også har noko å læra av andre, og det får me sjansen til i dette europeiske prosjektet».

Dette samtykker Mona Bukve i, inspektør ved Luster ungdomsskule: «Me får masse idear. Samstundes gjev eit slikt

prosjekt høve til å tenkja gjennom det me gjer og få sett ord på det i ein fagleg samanheng. Det er mykje me har arbeidd med som me tidlegare ikkje har tenkt på som STEAM.»

Praktiske oppgåver

STEAM er ei forkorting for Science, Technology, Engineering, Art, Mathematics. Det er gjerne eit tverrfagleg prosjekt der teknologi i ein eller annan form vert nytta saman med andre fag. Som regel dreier det seg om ei praktisk oppgåve som inneber problemløysing og der elevane skal utforska og finna ut av problemet på eiga hand.

På lærarsamlinga i Luster fekk dei gjestande lærarane og lærarar frå Gaupne og Hafslø sjølv vera elevar. I ei av øktene måndag fekk lærarane i oppgåve å byggja ein modell av ein skiheis etter bestemte kriterium. Det var ei kreativ oppgåve som kunne løysast på ulike måtar. I STEAM-oppgåver er det sjeldan ein bestemt fasit eller ei bestemt løysing. Dessutan er alltid prosessen og samarbeidet viktig.

I ei anna økt var oppgåva å laga ei miniatyrlampe for ein spesifikk brukar. Denne økta var det Liv Oddrun Voll frå Naturfagsenteret ved Universitetet i Oslo som stod for. Gjennom dette STEAM-prosjektet har Luster hatt eit løpende samarbeid med Voll og Naturfagsentetet gjennom programmet Skaperskolen.

Besök på ViteMeir og HVL

I ein STEAM-samanheng er det vanskeleg å koma utanom ViteMeir-senteret. Der får elevane frå Luster og nabokommunane oppleva og gjennomføra mange spennande læringsopplegg. STEAM-gjestene fekk både omvising og delta sjølve i ei slik læringsøkt. Ekstra artig var det at femåringane frå barnehagane frå Hafslø og Gaupne også gjesta ViteMeir denne dagen.

Etter besøket på ViteMeir var det tur for å vitja Læringslaben og Framtidas klasserom ved Høgskulen på Vestlandet. Her fekk gjestene presentasjon av skaparverkstaden som høgskulen tilbyr lærarutdanninga, tankar om framtidas klasserom og dei fekk sjølv prøve ut mykje av det spennande utstyret og pedagogiske moglegheitene som høgskulen nyttar og utviklar, til dømes podcast, Osmo, Sphero-robotballar, VR-briller og programmering gjennom Makey Makey.

Variert kulturelt program

I eit europeisk samarbeidsprosjekt er også det kulturelle eit vesentleg element i tillegg til det faglege utbytet. Gjestene frå Irland, Portugal, Kroatia, Hellas og England fekk vera med på gåturar til Huaplassen og opp Gåpnaberget, roing på Hafsløvatnet, folkemusikk og guida tur til Veitastrand. Dei første gjestene fekk også med seg 1. mai-frukost på Skjolden og tur opp til Sognefjellet. Om Veitastrand sa ein av gjestene



Elever frå Hafslø presenterer arbeid med insekthotell.



Gjestene fekk tjuvstart på 17. mai og lustrasongen då dei gjesta Gaupne skule.

«It is like Narnia». Å sjå eit snødekt Veitastrand i byrjinga av mai innimellan bjørker med grønt lauv og blått Veitastrandsvatn var ei stor oppleving for gjestene.

Dette er andre gongen Luster er vertskap for ei slik Erasmus-samling. Både gongene har det vanka mykje ros og takk frå gjestene for det dei har fått oppleva og sjå i kommunen vår. «Thank You, Luster» var omkvedet på avslutningsmiddagen på Eikum hotell torsdagkvelden der det også var kulturelle innslag frå dei andre nasjonane.

Mange praktiske og tekniske utfordringar når ein skal byggje modell av skiheis.



Kurshaldarane tilknytningspsykologane Ida Brandtzæg og Stig Torsteinsson saman med deltakarane på COS-kurset 23.-24. mai.

Satsing på kompetanseheving **psykisk helse** for Lustraskulen

Psykisk helse har vore eit stort nasjonalt satsingsområde på grunnskuleområdet gjennom fleire år. Barnehagane og skulane har tidlegare delteke i prosjektet Inkluderande barnehage- og skulemiljø. I 2022 og 2023 har Lustraskulen motteke tilskot til kompetanseheving for tilsette i skulen ikring psykisk helse.

Målet med tilskotsordninga fra Utdanningsordninga er å styrke arbeidet med psykisk helse i grunnskular og vidaregåande opplæring. Dette skal gjerast med auka kompetanse, betre førebygging av psykisk uhelse. Å stimulera til tverrfagleg samarbeid vert også sett på som føremålstenleg.

Luster kommune var ein av to kommunar i gamle Sogn og Fjordane som søkte og fekk innvilga søknaden sin. Frå Luster

vart det søkt om tre konkrete tiltak. Kompetanseheving for tilsette i skulen gjennom fordjupingskurs i COS (Circle of Security – tryggleikssirkelen på norsk), gjennom vidareføring av KLAPP-kurs (KLAPP er eit program tilbydd av Høgskulen på Vestlandet for opplæring av lærarar i positiv psykisk helse) og etablering av kommunalt fagnettverk om skulemiljø, inkludering og psykisk helse.

Tidlegare har tilsette i barnehagane og helsestasjonen vorte kursa i COS – eit program som vektlegg det å skapa og vedlikehalda gode og trygge relasjoner med barna og det å sjå barnet innanfrå. Gjennom sertifisering i COS har også helsestasjonen i samarbeid med barnehagane gjennom fleire år tilbydd kurs for føresette om det å vera ein god forelder.

Som ein oppstart på dette kompetansehevingsprosjektet deltok minst ein tilsett frå kvar skule i Luster på fordjupingskurs i COS 23.-24. mai saman med tilsette frå PP-tenesta og helsestasjonen. «*Det er veldig flott at eit veletablert program som COS også kan få eit feste i grunnskulane*», seier kommunalsjef oppvekst Knut Åge Teigen, «*At både barnehage og skule kan ha eit felles språk og verktøy i arbeidet med psykisk helse og godt barnehage- og skulemiljø er ein stor fordel. Når både PP-tenesta og helsestasjonen også er med i det same arbeidet og nettverket, så styrkjer det laget ikring Lustrabarna. Forsking er klar på at det å skapa trygge og gode relasjoner er vesentleg for barn si psykiske helse. Eit slikt kompetansehevingsprosjekt er med på å forsterke grunnmuren i opplæringsløpet for barn og unge.*»

Mykje moro på ViteMeir

ViteMeir-senteret opna dørene på vidt gap 11. november og sidan har barn og unge frå Luster og resten av Sogn vitja senteret i ein jamm straum.

Luster kommune har inngått ein rammeavtale med ViteMeir som gjer at alle elevar i Lustraskulen minimum får vitja ViteMeir-senteret ein gong kvart år. Inneverande år har også alle dei eldste barna i barnehagen fått oppleva det nye senteret og aktivitetane der.

ViteMeir tilbyd ei rekke læringsopplegg tilpassa ulike aldrar som skulane og barnehagen kan velja mellom. Alle læringsopplegga er tufta på mål frå læreplanen slik at det utfyller den opplæringa elevane elles får på heimeskulen. Læringsopplegga kan dreia seg om mini-kurs i programmering, om problemtaklingsoppgåver som å redda ein gard. Klarar elevane å finna skøytet til garden før den vert jamna med jorda? Skøytet er gjøymd i ein liten safe i onkel sin gamle koffert. For å finna koden til safen må elevane først løysa fleire matematiske utfordringar. Andre aktivitetar dreier seg om mat, ressursbruk og berekraftig utvikling. Kan oppdrett av insekt vera ei matkjelde i framtida?



Det er om å gjera å finna alle lause trådar, og fleire matematikknøtter må knekkast undervegs.



Å køyra lastebil er gøy – men det krev også litt trening. Eg vil køyra ein gong til!



5. og 7. trinn ved Gaupne skule var debutantane på ViteMeir frå Lustraskulen. Det var ekstra gildt at transportsponsor Luster Sparebank også sytte for gratis lunsj til kunnskapshungre elevar.

Alle får også tilbod om å utforska utstillingane. Dette er ein aktivitet som både barnehagebarna, dei eldre skuleelevene og dei vaksne tykkjer er kjekt og spennande.

Skuleåret 2021/22 har vore eit flott debutår for ViteMeir-senteret og skulane og barnehagane ser fram til nye besøk i åra som kjem. Stor takk til Luster Sparebank som har inngått sponsorsamarbeid med ViteMeir-senteret slik at transportkostnadane er fullfinansierte. Busstransport er svært dyrt, og denne hjelpa frå sparebanken bidreg til eit likeverdig tilbod for alle skulane i kommunen.



Entreprenørskapsmessa 2022

26. april 2022 vart det arrangert entreprenørskapsmesse i Luster der over 500 ungdomar og om lag 100 vaksne var samla for å ha fokus på entreprenørskap, initiativ, skaparlyst og kreativitet.
Ikkje minst var det kjekt å møtast fysisk etter to år med digital messe.

Entreprenørskapsmessa er ei årleg hending for ungdomsskulane i Sogn.



Arrangør er Sogn Regionråd saman med Ungt Entreprenørskap Vestland og vertskommunen. Å vera vertskap går på omgang mellom kommunane i Sogn, og det var no heile 9 år sidan sist Luster var medarrangør.

8. klassingane er gjester medan 9. klassingane deltek med eigne elevbedrifter som dei har arbeida med i ei periode på 9. trinn. Alle 9. klassingar har vore med i ulike bedrifter der dei skulle ha ein forretningside, ein plan for gjennomføring, sal, budsjett og rekneskap i tillegg til marknadsføring av bedrifta si.

Førebuing og rigging
 9. trinn på LUS hadde ansvaret for rigging av messeområdet

i idrettshallen, samt matproduksjon til nesten 600 personar. 46 fantastiske elevar tok utfordringa med ideutvikling, planlegging og gjennomføring og så ei STOR moglegheit til å fylle på klassekassa til skuletur neste år. Lærarteamet på trinnet heiv seg rundt og jobba på for å innfri elevane sitt ønske om ein skuletur vert LITT lengre enn til Årøy.

Rigginga vart utført etter nøyne planlegging: Stor bil vart lånt på ATS og ein gjeng elevar fylte bilen med flatpakka bord og stolar frå det kommunale lageret. Ein annan gjeng stod klar i idrettshallen og tömte bilen, medan ein siste gjeng sette opp bord og stolar. Deretter var

Øyvind Tørvi fortalte om oppstarten av Digital Etikett og om vegen frå ide til ferdig produkt.



Elevbedrifta Handverk EB frå Luster ungdomsskule.



To glade og spente elevbedrifter frå Hafslø barne- og ungdomsskule.

det samanleggbar scene som vart levert. Nok ein ungdomsgjeng stod klar til å montere og innan kyrkjeklokka kunne ringje om at skulebussane måtte forlate Gaupne, stod heile idrettshallen klar til å ta i mot ungdom og vaksne til ei messe som har vore i koronakarantene dei to siste åra.

Kiosksalet til 500 elevar bestod av «dobbelskjewa», to grove skiver med heimelaga kryddersmør, skinke og dobbel ost – klar til grilling på ei rekkje nyinnkjøpte toastjern, vaflar, Cola Zero og et utval av sjokolade og potetgull. I lærarkantina vart det servert pastasalat – både med og utan gluten, kaffi og kake, fruktfat og juice.

Messedagen

Trivselagentar frå 10. trinn tok i mot bussane på busstoppen etter kvart som dei kom og viste veg til idrettshallen. Der vart elevane delt i tre grupper som gjennom dagen alternerte mellom å sjå utstillinga av elevbedriftene, høyre foredrag av Øyvind Tørvi om Digital Etikett og å sjå film om ulike gründarar i Luster kommune, samstundes som kiosksalet ga lovnadar om skuletur stadig lengre unna Årøy.

Flinke konferansierar geleida oss gjennom eit program frå start til slutt.

Tredve inspirerande og nytenkande elevbedrifter stilte ut med stand og gjorde jobben til juryen vanskeleg. Juryen var samansett av private og offentlege næringslivsaktørar. I forkant av messa hadde dei fått tilsendt videoar om elevbedriftene som elevane sjølve hadde laga. I tillegg vart elevbedriftene inviterte til digitale jurymøte rett før påske.

I alt vart det kåra vinnarar i sju kategoriar. Prisen for beste elevbedrift gjekk i år til Skinnlappen EB frå Aurland barne- og ungdomsskule. Luster og elevbedrifa Room of Portrait EB frå Luster ungdomsskule henta heim prisen for beste idé. Gratulerer til både vinnarane og

alle dei andre elevbedriftene for god innsats!

Då programleiar Ingrid Steine Bortne frå Sogn regionråd takka av ei fantastisk messe vart både 8. og 9. klassingane ved LUS heldt att. På rekordtid vart ryddeoppgåver fordelt, elevane var i sving og etter realt samlebandsprinsipp vart stolar og bord pakka inn i to DIGRE ventande ATS-bilar, pakka ut i kommunalt lager og nok ein gong kunne kyrkjeklokken ringje elevane vel heim utan at tidsfristen – og overtidsbudsjettet – vart sprengt i filler.

I ettertid ser me at det var mykje jobb, men elevane hadde det utruleg kjekt og lærte mykje. Vonar klassekassa står til forventningane når nettoresultatet føreligg.

Fullstappa sal både oppe og nede under entreprenørskapsmessa.





Elevane i 6. klasse ved Jostedal skule klare for bretur med ordførar Ivar Kvalen.

30-årsjubileum for Jostedalsbreen Nasjonalpark under Brefestivalen i Jostedalen 20. mai 2022

Fredag 20. mai var det markering av at det er 30 år sidan Jostedalsbreen vart eigen nasjonalpark hausten 1991.

Feiringa var utsett frå hausten pga pandemirestriksjonar, men vart no feira i strålende vårvêr

med prominent besøk i dei vakre omgjevnadene. Statssekretær i Klima- og miljødepartementet Aleksander Øren Heen og ordførar Ivar Kvalen i lag med nasjonalparkforvaltarar og representantar for Statsforvaltaren var med på

feiringa i tillegg til lokale ressurspersonar. Etter ei kort markering i Krundalen der den offisielle opninga fann stad med dåverande Miljøvernminister Thorbjørn Berntsen i 1991, møtte følgjet elevane i 6. klasse ved Jostedal



Oppå breen fann dei òg ein istunnell! Foto: Trygve Snøtun.



Statssekretær i Klima- og miljødepartementet Aleksander Øren Heen snakka om ansvaret me har for å verne den urørde naturen me har i Noreg.



Statssekretær Aleksander Øren Heen og Avdelingsdirektør i Klima- og miljødepartementet Øivind Dannevig framfor Bergsetbreen.

skule på parkeringsplassen ved Nigardsbreen. Dei fekk ein strålende tur på Nigardsbreen godt leia av breførarane Steinar Bruheim, Steinar Laumann og Trygve Snøtun. På vegen fekk elevane stille spørsmål til statssekretæren om ting dei lurte på i høve klima, miljø og naturvern. Dei vart mellom anna stort overraska over å høre at statssekretæren flyg kvar veke for å komme på jobb i Oslo.

Dagen vart avslutta med pizza på Breheimsenteret og føredrag ved statssekretæren, ordføraren og mangeårig nasjonalparkforvaltar for Jostedalsbreen, Tom Dybwad. For ein del vart det òg quiz på Jostedal hotell om kvelden.

Dagen var i det heile ei verdig og lærerik markering av ansvaret me har for å verne den urørde naturen me er så heldige å ha rett utanfor stovedøra vår.



Våren på Veitastrond oppvekstsenter

På Veitastrond er me vane med at våren ofte kjem seint, men når våren først kjem, så kjem han for fullt!

Då er det som ein eksplosjon av yrande liv, smelting av snø, rennande vatn og brusande elvar og fossar.



Det ein gjerne forbinder med vår på Veitastrond, er snødekte marker. Når snøen er vekke, går det derimot veldig fort over i sommar. Men kva vårteikn er det eigentleg me har på Veitastrond oppvekstsenter, her som våren er litt annleis enn andre stadar?

Eit klart vårteikn er når ein kan byrja å gå fjellturar att. Medan snøen framleis ligg, ventar skulen til det er skare, og går på skaren opp til dei ulike turmåla i bygda. I vår gjekk ein av desse turane til Bukkarabben. For å vera sikker på at skaren skulle halda vekta av alle elevane, og ikkje minst lærarane, måtte me vera tidleg ute. Når

skulen byrja kl. 9, sette elevane snuten mot Bukkarabben. Det som er ekstra fint med å gå på turar om våren, er når sola kjem fram. Når det vart for mykje sol for elevane, nytta dei skogen til å leika gøymsel. Noko anna som er fint med skaretur, er det å sleppa å gå ned att. Elevane sette seg på rumpa, og sklei heilt ned att til vegen!

Når asfalten er blitt berr, kjem syklane fram, til alle ungane si store glede. Då syklar skuleungane rundt på andre skuleungar og barnehageungar, og farten i leiken vert mykje høgare. Samstundes som syklane kjem fram, kan ein litt etter

litt byrje å sjå att leikeapparata som har vore gøymd i all snøen. Kunstgrasbana er gjerne der snøen ligg lenge, men elevane har funne ut at dersom ein grev holer rundt om på bana, vil snøen smelta fortare. Dette resulterer dermed i gode treningsøkter! I år har dei til og



med byrja å grave vekk snøen. Særleg kjekt er det òg når den store sandkassen vår vert snøfri, og ein kan leike med både sand, snø, gjørme og vatn samstundes! Då er aktiviteten i sandkassen stor, både hjå barnehageungar og ungane i skulen – gjerne i fint samspel.

For barnehagen er det òg lettare når våren kjem og stikkvegane byrjar å kome fram. Då vert turmåla fleire, og me får i større grad nytt områda utanfor barnehagen. Eit populært turmål for barnehagen har i fleire år vore fuglekassen vår. Når snøen smeltar og naturen byrjar å livne opp att, er det kjekt med regelmessige turar til fuglekassen for å sjå utviklinga der!

Eit anna våreteikn er når oppvekstsenteret byrjar å førebu

seg til 17. mai. Då kan ein høyra syngande ungar når ein kjem inn dørene. Det blir øvd til sjølve 17. mai, men òg til den felles feiringa for barnehagen og skulen. I vår hadde me "Kast svampen på Cathrine og rektor" og "venskapsband". "Kast svampen" var kanskje ikkje dei vaksne sin favoritt, men det slo heilt klart an hjå ungane. Til lunsj var det pizza og fruktspyd til ungane si store glede. Ein slik dag skapar samhald og

gode relasjonar mellom barn og vaksne, og er så viktig i ein elles travel kvardag.

Så sjølv om Veitastrond kanskje heng litt etter når våren melder sin åtkomst, har me det ikkje så verst, sett vekk frå kunstgrasbana såklart. Å kunne nyte både vinter og vår (og litt sommar) på ein gong er ein luksus i seg sjølv. Dersom ein brukar fantasien, står ein att med mange kjekke aktivitetar i ei tid fylt med yrande liv og røre!



Markering av **Verdens Downs syndrom dag** eller Rockesokk-dagen

I desember 2011 erklærte FNs generalforsamling at 21. mars kvart år skulle markerast som Verdens Downs syndrom dag. Dagen har som mål å auke samfunnet sin kunnskap om Downs syndrom og dei behov, ynskjer, målsettingar og utfordringar som menneske med Downs syndrom har.

I våre dagar blir dagen gjerne kalla Rockesokk-dagen, nettopp fordi me denne dagen blir oppfordra til å gå med to ulike sokkar. Dette gjer me for å markere det mangfaldet me har rundt oss.

Dette året var temaet for verdensdagen inkludering. Inkludering i denne samanheng betyr å få stemma si høyrd i alle saker angåande sitt liv og sine interesser.

På Indre Hafslo oppvekstsenter markerer me kvart år denne dagen, og slik



var det også i år. Me oppfordra alle elevar og tilsette til å ta på seg ulike sokkar. 5., 6. og 7. klasse hadde sett av heile dagen til markering. Me starta dagen med informasjon om Downs syndrom, og kva inkludering betyr i praksis. Etterpå fekk elevane utlevert ei puslespelbrikke kvar. Og med utgangspunkt i diktet «Ikkje dytt» av Gudrun Lie Sæter skulle elevane lage ei teikning av kva dei tenkjer på når dei høyrer ordet inkludering. Etterpå sette me brikkene saman til eit bilet for å vise at me alle høyrer saman.

Nokre elevar var også på kjøkkenet og laga Rockesokk-kake. Og denne fekk alle elevane smake på.

Samarbeid og inkludering i kvardagen.



Ulike sokkar for å markere mangfoldet.

Puslespel om inkludering - me høyrer alle saman.

Rockesokk-kake.



På ettermiddagen vart elevane i 5., 6. og 7. klasse delt i grupper. Dei fekk velje ein melodi som dei skulle lage ein dans til. Sidan me brukar teikn til tale i kvardagen så skulle denne dansen innehalde teikna vennskap og inkludering. På slutten av dagen inviterte me 1. og 2. klasse slik at dei skulle få sjå dansane elevane hadde laga.

Det er fint å kunne markere ein slik dag ein gong i året, men for oss på Indre Hafslo oppvekstsenter så er inkludering i kvardagen det som er det viktigaste. Det å høre til og føle at ein er ein del av fellesskapet har noko med livskvalitet å gjere. Dette er noko me ynskjer alle skal ha fokus på kvar einaste dag.



Oppeling av pengar.



Kø ved loddboden.

Gamlestova barnehage hjelper Nava Jyoti i India

Gjennom barnehageåret har vi aktivitetar der barna gjer ein innsats for å samle inn pengar som vi gjev til Nava Jyoti. Det har vi gjort sidan 1993. Nava Jyoti er eit barnehage- og leksetilbod for fattige barn i Kolkata i India. Det er drive av The Indian Society for Sponsorship and Adoption. Med vårt pengebidrag hjelper vi med mat, legehjelp, medisin, utstyr, lønningar og nødvendige utbetrinjar på huset.

I april hadde vi lynlotteri som ein av aktivitetane. Dei eldste barna, dei som skal byrje på skulen i august, legg ned stor innsats før, under og etter lotteriet. Dei går til bedrifter og spør om nokon vil sponse dei med premiar, lagar plakatar, lagar til loddbod, sel lodd, deler ut premiar og går i banken med pengane etterpå.

Dei selde ut alle loddene og fekk inn 7500 kr som går rett til Nava Jyoti.

Tusen takk til alle som støtta oss med premiar og som kjøpte lodd!

Kva var moro med å ha lotteri?

«Å vinna», sa Oliver Johan

«At vi fekk inn pengar», sa Kaja

«Å samle inn pengar til Nava Jyoti», sa Nora

«Å ta imot pengar når eg selt lodd», sa Fekri

«Å ta inn pengar», sa Noah Nicolai

«Å kose med mamma og pappa når dei kjøpte lodd», sa Erika

«Jeg fikk ikke vere med for jeg var i Amerika», sa Iver Anton

«Å gi ut premiene», sa Klara Helena

«At me kunne selja lodd», sa Brage

«Det var kjekt å opne lodd», sa Lovise

«Det var moro å vinna», sa Max

Små barn, store smil

– friluftsopplevelingar frå Gaupne barnehage



Nærrområdet og naturen skal vera ein arena for leik og læring i barnehagen. Etter rammeplanen skal barnehagen bidra til at borna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientera seg og opphalda seg i naturen til ulike årstider.

I Gaupne barnehage har me hytte i skogen på Grindane, og me legg til rette for å oppleve og utforske naturen året rundt der. I skogen lærer borna å kjenne på årstider, sjå korleis naturen utviklar seg, finne leikemateriale og å dele på gode opplevelingar saman.

Me ser at borna lettare kan setje i gang, styre og strukturere leiken sin sjølve i skogen, alle blir inkluderte i leiken, og ingen er betre eller dårlegare enn nokon andre. Det skal vera eit inkluderande leikemiljø, både

inne og ute på tur. Relasjonar mellom barna og mellom born og tilsette endrar seg når ein delar turopplevelingar saman. Turen skal førebuast og borna lærer kva som er lurt å ha på seg av klede, kva som må vera i sekken og så er det kjekt å snakke om turen i etterkant.

Når våren kjem så har kvar avdeling kvar si heile veke ute ved Grindane. Borna blir leverte der framme og etter ein lang og innhaldsrik dag med masse frisk luft, så blir dei henta att der òg.

Me har hatt opplevelingar der det vart surt og kaldt vær og det var dei aller yngste som hadde hytta den veka; då lærer me borna at «det er ingen skam å snu». Det er viktig at me tilpassar turen og opplevelinga etter alder, tryggheit og vær. Barnas beste skal heile tida vera i fokus hjå tilsette i barnehagen.

Me legg til rette for eit inkluderande miljø, med utfordringar som gjev meistringsglede når ein får ting til. Fysisk aktivitet fremjar uthald og kroppskontroll og ei god psykisk helse. Me legg til rette for eit godt språkmiljø, for at borna skal kunne uttrykke seg og å forstå. Det er så viktig for å skape relasjonar og å halde på dei.

Me skal også legge til rette for bruk av IT i kvardagen. Og etter ei kvilestund, eller ei sovestund så kan det vera fint for 2-åringen å sitje på fanget til ein tilsett og sjå litt på dei opplevelingane ein hadde tidlegare på dagen og som vart dokumentert med bilet. Både den tilsette og borna kan glede seg over minna når ein skal tilbake i barnehagen, fordi det kan bli ein fin fotostory eller plakat med bilet og tekst. Me deler minner i Gaupne barnehage.



Livet er godt ute

Ein torsdagsmorgen kjem ei mamma og eit lite barn opp bakken til hytta. Våren er i full blomst, trea lyser grønt av nyutsprungne blad, fuglane kvittrar så fint og sola er på veg fram. Våren er framleis noko kald når klokka berre er 07.30, men når barnet og mammaen kjem så ser dei at det ryk av pipa i hytta, og dei veit at tidlegvakta har lagt i omnen og gler seg til at nettopp dette bornet (og alle dei andre borna) skal kome. Tidlegvakta gler seg fordi barnet er med på å lage dagen innhaldsrik og god for heile gruppa. Kvart enkelt born er med på det, og difor er alle borna så viktige.

Sekken og dressen blir hengt ute på knaggane, medan barnet stolt tek med seg nistepakken sin inn i hytta og får sitje nær den tilsette og starte dagen ved frukostbordet, rett ved omnen. Det sprakar frå omnen, og «lukta» av varme har breia seg i hytta.

Hytta er meir lik ein tett gapahuk; tette vegger med vindauge, tett tak, omn og singelgolv. Så opplevinga av å vera ute i skogen er like god inne i hytta òg. 10 av desse borna skal sove luren sin i dag, slik som alle dei andre dagane. Så difor er alle vognene òg inne hytta denne morgonen. Når sola kjem og fleire tilsette etter kvart dukkar opp, så blir vognene trilla ut og er klare til å ta imot ein trøytt 1-åring etter lunsj.

Etter kvart kjem alle borna opp traktorvegen, gjennom skogen, og opp til hytta. Og det siste bornet som kjem, saman med pappaen sin, ser nokre born som heilt ubevisst over balansen sin ved at dei klatrar og kryp over og under steinar, røter og plankar.

Bornet ser andre born som plukkar kongler og blomster, og den tilsette set ord på det dei plukkar. Slik vert borna språkbada med ord og omgrep. På hjørnet av hytta sit det ein tilsett med ei gruppe born som les ei bok. Og akkurat no var det dette som freista mest for ein 2-åring; eit fang, gode vene og ei bok.

Utpå føremiddagen inviterer to tilsette med seg halve gruppa på tur ned til hestane. Det er mange fine naturopplevingar utanfor gjerdet òg, og dei tilsette legg til rette for at borna skal få gode opplevingar. I dag har me lese om hestar i boka, og då er det fint å kunne få sjå hesten i verkelegheita òg. Borna snakkar om korleis me må oppføre oss i nærleiken av dyr. Borna kjenner lukta av hest. Borna høyrrer kva lyd hesten lagar. Borna lærer om naturen med slike aktivitetar.

Opp ved hytta har dei to andre tilsette, og resten av barnegruppa laga klart til lunsjen. Aldri smakar vel skive med prim så godt som ute, i ein halvsirkel saman med venene våre, og dei trygge



tilsette i barnehagen. Sola skin no, og allereie har me fått mange opplevingar.

Alle desse opplevingane gjer ein liten pode trøytt og sliten, så dei som treng ein kvil skal få det i vogna si. Dei andre får kvile seg i anten hengekøye, på madrass eller i eit fang. Alle små og store treng eit ladepunkt i løpet av dagen.

I vekene i mai og juni er det opp mot 100 born som får lade seg midt i landskapet av grøne marker, vårbloster, nyutsprungne blad på trea, fuglar som kvittrar, maur som går over handa, nokre soldagar, nokre regnversdagar, men i trygge omgjevnadar.

Når pappa kjem og hentar barnet frå Grindane, og bornet har jord og sand på heile seg og kjem springande i mot han, så seier ansiktet og smilet til bornet at det har hatt gode opplevingar ute, men seinvakta vil likevel fortelje litt om korleis akkurat dette bornet har hatt det i dag. Eit lite born i ein stor natur. Eit lite born som vil og kan, og som får til så uendeleg mykje berre det ligg til rette for utvikling.

Nytt hovudlager for hjelpemiddel



Luster har eit kommunalt hovudlager med enkle hjelpemiddel for korttidsutlån. Føremålet med korttidsutlån er å sikre at alle innbyggjarane som har behov for hjelpemiddel i ein tidsavgrensa periode og/eller i ein overgangsperiode, kan låne desse. Desse

hjelpemidla kan lånast inntil 3 månadar. Om du har behov for forlenging av lånetida kan du ta kontakt for å avtale dette.

Døme på hjelpemiddel til korttidsutlån:

- Dusjkrakk
- Toalettforhøyjer

- Rullator
- Transportrullestol
- Prekestol/
underarmsrullator
- Krykkje
- Sokkepådrager
- Gripetang



Paul på hjelpemiddellageret.



Kjetil og student Sofie ved kompost-containeren.

Hovudlageret for hjelphemiddel er no i god drift i den gamle brannstasjonsbygningen ved sida av Parken på Gaupnegrandane. Driftsansvarleg Paul Fransen fortel at det meste av utstyret og rutinane no er på plass, og at brukarane er velkomne til å ta kontakt i arbeidstida på 47707119 kl. 09.00–15.00 måndag til fredag.

Lageret inneheld i tillegg til rikeleg med reolplass også ein kontorpllass der alle hjelphemiddel vert registrert når dei kjem inn og når dei vert levert ut til brukar.

Lageret inneheld godt med reolplass. Det er likevel ei stor utfordring å greia å halda god orden til ei kvar tid. Det kjem heile tid varer inn, samstundes som varer skal ut til brukarar i heile kommunen.

I verkstaddelen av lageret er det lagt til rette for gode arbeidstilhøve for mindre reparasjonar og reinhald.

Kompost for blomsterbed og hageanlegg

Du kan no få kjøpt flott kompost pakka i sekkar. ATS pakkar komposten i sekkar på om lag 25 kilo og desse er til sals ved alle miljøstasjonane til SIMAS. Om du treng større mengder kan du sjølv henta det i hengar eller lastebil ved miljøstasjonane.

Komposten er eit godt tilskot til jordforbetring, og Simas skildrar sjølv nytten av å tilsetja kompost i blomsterbed og liknande slik:

Komposten frå SIMAS er:

1. Eit rimeleg og effektivt verktøy for å få frodig vekst.
2. Rik på karbon, mikroorganismar og næring som er positivt for jordsmonnet.
3. Fri for store steinar og ugras. Komposteringsprosessen vil normalt ta knekken på ugrasfrø og snigleegg.
4. Torvfritt og miljøvennleg. Dette er gjenbruk av hage- og matavfall frå abonnentane våre.
5. Gir tørkesterk jord.

Du kan lesa meir om dei ulike kompost-typane og korleis du kan bruka dei på SIMAS sine eigne nettsider.

Luster miljøpark

Laurdag 28. mai opna Luster Miljøpark på Røneidsgrandane i Gaupne. Nesten åtte mål er no klargjort til sortering av avfall og ombruk av materialar. Dette har vore eit byggeprosjekt med høgt fokus på ombruk av materialar i byggeprosessen.

I tillegg til ein miljøstasjon der ein kan leve avfall til gjenvinning, er dette ein Miljøpark der Simas samarbeider med Luster Frivilligsentral. Ting som kjem inn til miljøstasjonen kan sorterast ut og omsetjast i bruktbutikken deira.



Anita Kjørlaug frå Frivilligsentralen.

Gjenbruk er viktig, her er det laga blomsterkrukker av bildekk.



Mange møtte opp på opninga.



Bilar på rampen.

Opningstider

Måndag	kl. 09.00–14.00
Onsdag	kl. 14.00–18.00 (19.00*)
Torsdag	kl. 14.00–18.00 (19.00*)

*Sommartid, gjeld i perioden 1. mai til 1. september.





Eldrerådsrepresentant Liv Helen Nystuen oppfordrar seniorar/eldre om å melde seg i frivillig arbeid.

Sjølv er ho frivillig for IL Bjørn, Nasjonalforeningen for folkehelsa Gaupne helselag og i Gaupne bygdalag. Her ser me henne i Gaupne sentrum attmed ein av stolpane i stolpejakta. Ho har vore med og sett fleire stolpar uti felten.

Korleis rekruttere **seniorar/eldre til frivillig arbeid?**

Kommunestyret i Luster har utfordra eldrerådet på å drøfte og bidra til at eldre blir brukt meir som ressurs i lokalsamfunnet.

Det er stor frivillig innsats i Luster, også frå eldre. Mange arrangement er heilt avhengige av dei eldre sin innsats.

Korleis rekruttere?

Eldrerådet meiner det truleg er enklast å få med seg frivillige om dei blir personleg inviterte. Det er mange som gjerne tykkjer det er vanskeleg å tilby seg, eller berre møte opp. I eldrerådet er

der representantar frå Gaupne, Solvorn og Hafslo som synte til gode døme der bygdelag og Røde Kors har fått med seg frivillige eldre.

Seniorar, eldre, er ei stor og variert gruppe i Luster. Eldrerådet har sendt oppmoding til lag og organisasjonar no i frivilligheitsåret om å bruke lokalkunnskapen og personleg invitere eller oppmuntre eldre i bygda si til frivillig arbeid.

Ta utfordringa og bli med!

Ein opplever stor glede av å delta i fellesskapet, og det betyr mykje for eigen livskvalitet å

bidra i frivillig arbeid og gjere ein innsats for andre saman med fleire.

Me har bruk for alle, og det er mange ulike oppgåver som skal løysast. Det kan vere å bake ei kake til eit arrangement, stelle blomar på sommaren, vere besøksven, rydde og merke ein sti, vere leksehjelp, kioskvakt, styremedlem i eit lag, eller andre oppgåver.

Sei frå kva du kan bidra med, du skal sjå det gjev deg mykje å vere frivillig!

Frivilligsentralen



Til Topps

Dette er eit årleg arrangement for asylsøkjarar, flyktningar og arbeidsinnvandrurar. Målet er å bli integrert medan ein opplever den norske naturen. I år har Luster valt å gå turen lokalt og knyttar den opp til arrangementet «Molden Opp» laurdag 18. juni. Dette er eit samarbeid med Luster Røde Kors og Sogn og Fjordane Røde Kors.



Treningsturar

Fram mot Til Topps har det vore arrangert treningsturar i nærområdet. Dette er turar i nærområdet som er ope for alle som har lyst til å kome seg ut og samtidig stifte nye bekjentskap. Måndagar med gågjengen og Gaupne helselag, og onsdagar med Luster frivilligsentral og Luster Røde Kors.



Bruktbutikken på Pyramiden senter

Bruktbutikken blir drifta av Luster frivilligsentral i samarbeid med 20 frivillige. Inntektene går til ulike aktivitetar/arrangement, i kommunen vår, i regi av Luster frivilligsentral eller gjerne i samarbeid med andre organisasjonar.



Luster utstyrssentral

Utstyrssentralen held til i Pyramiden senter ved sida av brukbutikken. Her kan alle leige gratis turutstyr, inntil ei veke om gongen. Det er kjøpt inn mykje nytt utstyr av midlar gitt av Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og Tubfrim/Nasjonalforeninga Gaupne helselag. Det nye er også utleige av Packcraft – 2 oppblåsbare båtar. Her gjeld eigne utlånsreglar.

Seniortreff

Seniortreff for deg som bur heime er eit tilbod annakvar torsdag på Aktivitetsstova ved Gaupne omsorgssenter.

På treffa er det sosialt samvær, underhaldning, balansetrening og servering av eit varmt måltid.

Me startar opp att 1. september 2022.

Tidspunkt:

Torsdagar kl 10.00–14.00 på desse datoane:

- 01. september
 - 15. september
 - 29. september
 - 13. oktober
 - 27. oktober
 - 10. november
 - 24. november
 - 24. november
 - 08. desember
- Eigenandel kr 150,- pr. gong.

Transport:

Det blir organisert transport for dei som har behov.

Påmelding:

Påmelding pr. telefon til 57 68 55 00 innan onsdagen før kl. 13:00.

Friluftsliv tilrettelagt for utviklingshemma (FTU Luster)

Friluftsliv tilrettelagt for utviklingshemma er eit samarbeid mellom NFU Luster lokallag, Luster turlag og Luster frivilligsentral. Målsetjinga er å gje utviklingshemma gode opplevingar ute i naturen.

Dei utviklingshemma må ha med følgje/personale. Frivillige er med og tilrettelegger aktiviteten. FTU Luster blir gjennomført den første onsdagen i månaden frå kl. 17.00-19.00.



Samarbeid med bruktbukkiken og SIMAS

Den nye miljøstasjonen til SIMAS, Luster miljøpark opna 28. mai og det er no underteikna ein intensjonsavtale mellom SIMAS og Luster frivilligsentral. Målsetjinga med avtalen er å få auka fokus på ombruk. På miljøstasjonen vil det bli lagt til rette for at kundane kan setje ting/møblar tilside i ein container som bruktbukkiken disponerer. Dette vil bruktbukkiken hente og leggje ut for sal i sine lokale. «Ein vinn/vinn situasjon» for alle partar!

Ny postliste på heimesida vår

Har du testa den nye postlista på heimesida vår? Postlista syner oversikt over innkomne og utgåande brev til kommunen, og gir såleis godt innblikk i kva som rører seg i kommunen.

Postlista vert oppdatert kvar vekedag med to dagar utsetting. Det betyr at post som til dømes vert registrert måndag blir tilgjengeleg på postlista på onsdag. For fagområda byggesak, plan og landbruk vil du få direkte tilgang til dei offentlege dokumenta. Sakene på postlista er tilgjengeleg i eit år, med unntak av sakstypane byggesak og plansak som vil bli liggjande tilgjengeleg.



Du kan søka etter saker, dokument, sakstypar (fagområde) og vedtaka i dei ulike utvala. Saksframlegg og vedtak i politiske saker finn du i møtekalenderen. På heimesida finn du også ein film som viser tips til korleis du kan søka på postlista. Om du ynskjer hjelp eller har spørsmål so er det berre å ta kontakt med oss på arkivet – postmottak@luster.kommune.no eller telefon 57 68 55 00.



Innsts for andre på Luster ungdomsskule har bidrege med kakebaking og pynting på Vår dag.

Luster frivilligsentral: Markering av «**VÅR DAG**» i Frivilligheitsåret 2022

Frivilligheitsåret 2022 skal feire Norge sitt viktigaste lagarbeid! Alle lag, foreiningar, frivilligsentralar, kommunar og andre samarbeidspartnerar blir invitert til å synleggjere frivilligheita, auke kunnskapen

og få fleire med! Året er forankra i regjeringa sin Frivilligheitsmelding.

Laurdag 21. mai var det frivilligsentralane sin tur til å få vist seg fram.

Luster frivilligsentral hadde ein flott stand på Pyramiden senter der ein fekk treffe dei tilsette og få informasjon om kva frivilligsentralen jobbar med.

Ein fekk også moglegheit til å kome med innspel til nye møteplassar og aktivitetar i nærmiljøet. Målsetjinga med dagen var også å rekruttere nye frivillige!

Mange kom innom vår stand og det vart mange gode samtalar om kor viktig frivilligheita er for lokalsamfunnet vårt.

Det vart servert kaker og kaffi. I denne samanheng må



me takke elevane med valfaget «Innsts for andre» ved Luster ungdomsskule. Dei tok ansvar for å pynte sykkelen vår, lage ferdig pyntemateriell og ikkje minst bake muffins til oss.

Innsts for andre er eit viktig valfag der unge får ein smakebit på korleis det er å vere frivillig og bidra i lokalsamfunnet.



Anita Kjørlaug og Cecilie Skjerven.



Asborg Leirdal Kjærvik, leiar i Gaupne helselag og Sara Bjune Mead, dagleg leiar fylkeskontoret til Nasjonalforeningen.



Nasjonalforeningen **Gaupne** **Helselag** inviterte til Familiendag

2022 er «Frivillighetens år», der ein skal feire frivilligheit, Noregs største lagarbeid. «Vår Dag» er ein nasjonal markering der kvar einaste organisasjon og foreining blir oppfordra til å feire frivilligheit, og Nasjonalforeningen for folkehelsen fekk tildelt «Vår Dag» 7. mai.

Nasjonalforeningen Gaupne Helselag feira dagen i Parken i Gaupne med korpskonsert, Askeladden friteater, aktivitetar og matservering. Tusen takk til samarbeidspartane våre: Luster frivilligsentral, Gaupne skule og ungdomskorps, Bergrosa 4H og elevar på Luster Ungdomsskule med valfaget Innsats for andre, som baka kaker og sette på plass stolar.

Det vart ein flott dag, sola skein og flott oppmøte med omlag 250 som kom og feira dagen med oss. Me er glade for mange gode tilbakemeldingar på arrangementet.

Nasjonalforeningen Gaupne helselag har sidan 1924 støtta opp om nærmiljøet med å skape møteplassar gjennom faste aktivitetar gjennom året.

Helselaget ynskjer både frivillige og nye medlemmar velkomne! I 2022 er det halv pris på medlemskap, og lokallaget får 45% av medlemskontingenenten. Du vel sjølv kor aktiv du vil vere som medlem.



Bli med oss på våre aktivitetar:

- Gå med oss / Gågjengen
- Basar
- Et med oss / Vårsleppen, skulelunsj, frukt
- Hopp for hjartet
- Markering av hjarteveka
- Lustramarknaden
- FriMoro
- Juleglede
- Betre balanse
- Alzheimerdagen
- Aktivitetsvenn
- Influensavaksinering
- Helselaget har vore pådrivar for å få Luster til å bli Demensvenleg kommune.
- Temamøte
- Adventhelsing til eldre

<https://www.facebook.com/NasjonalforeningenForFolkehelsenGaupneHelselag>
Aktivitet og sosialt nærmiljø fremjar god helse!



Blide frivillige damer, frå v: Marit Fossheim, Hilde Kristoffersen, Astrid Kvam, Liv Orrestad, Anne Marie Torgersen, Gerd Søhoel.

Frivillige har song og trim

2022 er Frivilligetas år, og då tykkjer me det passar bra å gi litt velfortent ros til frivillige som gjer ein super innsats på omsorgssenteret.

Kvar torsdag ettermiddag har ei gruppe frivillige fra Demensforeininga og Røde Kors omsorg songstund og trim for bebuarane på Hafslo omsorgssenter.

Det starta med at Nasjonalforeininga for Folkehelsa hadde eit prosjekt om fysisk aktivitet for personar med demenssjukdom. Det vart halde aktivitetskurs på Hafslo, der Demensforeininga og Røde Kors omsorg deltok. Etter det starta dei «Gladgruppa», som

kvar torsdag ettermiddag har ei flott stund med bebuarane på omsorgssenteret, med song, musikk, dans og trim. Etter trimøkta spanderer demensforeininga frukt og styrkedrikk. No har dei halde på i ca 12 år!! Det er svært populært når denne gjengen kjem, og både bebuarar og tilsette ser fram til desse ettermiddagane. Forskning viser at song og musikk har god effekt på ulike utfordringar som personar med demenssjukdom kan ha, og me ser at bebuarane får ei god oppleveling med å delta.

Tusen takk til demensforeininga og Røde Kors omsorg som gjev bebuarane desse gode stundene!



Hjarteleg takk

Gaupne omsorgssenter takkar for flott åkle, gavé fra Bjørg Reidun Ervik.

Tone Kjærkv Kveane -leiar-



Kompetanseheving for tilsette i pleie og omsorg

Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester (USHT) har i samarbeid med Helse Førde eit fagleg opplegg for å styrke klinisk observasjonskompetanse (KlinObs) hjå helsepersonell i kommunane.


Opplegget er basert på erfaringar og nasjonale føringar, der fokuset er kompetanse for tidleg oppdaging av forverra tilstand hjå brukarar. Erfaringar viser at det er viktig med lokal forankring for å innføre dei verktøya som KlinObsKommune krev, og tilstrekkeleg medisinsk teknisk utstyr for å kunne øve og utføre naudsynte målingar for å oppdage forverra tilstand hjå brukarar.

Det faglege opplegget er visualisert som ei kompetansetrapp, der vi vil legge vekt på dei tre første trinna.

Luster kommune melde på 30 tilsette fra omsorgstenesta til kurs hausten 2021. Dei tilsette fekk ei videosamling og 2 fysiske samlingar kvar på 2,5 time. Det vart avslutta med ei fjerde samling som var praktisk øving. Det høyrer også med ei samling med fokus på hjarte-lunge-redning. Ansvarleg for opplæringa var Helge Ullebust frå AMK/HF og Berit Ullebust frå USHT. I tillegg til KlinObsKommune som er opplæring for faglærte, har alle tilsette i pleie og omsorg fått tilbod

om hjarte-lungeredningskurs/ hjartestartarkurs med Ove Fortun no i vår.

I mai i år tok me over undervisninga av KlinObsKommune sjølv, og har fått kursa ytterlegare 30 hjelpepleiarar/helsefagarbeidarar/sjukepleiarar/ vernepleiarar. Før ferien blir det endå eit kurs, og målet er å få alle faglærte gjennom kurs i KlinObsKommune i løpet av hausten 2022.





Kari Ingeborg Bukve er tilsett som ny leiar for helsetenesta og Andreas Dyrkjær er tilsett som kommuneoverlege og fagleiar.

Nye leiatarar i Helsetenesta

Etter 42 år i arbeid for Luster kommune hadde Knut Cotta Schønberg sin siste arbeidsdag 4. mai. I tida før Knut slutta vart framtidig organisering av eininga Helse vurdert. Konklusjonen er at organiseringa vert vidareført, men stillinga til Knut vart delt opp i to stillingar – ei stilling som leiar for helsetenesta, og ei stilling som kommuneoverlege og fagleiar (for legekontor, lab og legevakt).

Kari Ingeborg Bukve er tilsett som ny leiar for helsetenesta og Andreas Dyrkjær er tilsett som kommuneoverlege og fagleiar. Begge starta i sine stillingar 2. mai.

Kari Ingeborg er utdanna fysioterapeut frå Høgskulen i Oslo. Ho har i tillegg eit grunnfag i fysisk aktivitet og helse frå Norges idrettshøgskole, tverrfagleg vidareutdanning i rehabilitering – og

vidareutdanning i fysioterapi for eldre. Sin praksis har Kari Ingeborg i hovudsak frå sentralsjukehuset i Møre og Romsdal og Luster kommune, og har sidan 2004 vore fagleiar for fysioterapitenesta.

Andreas er utdanna lege frå Aarhus Universitet. Han har søkt om spesialisering i allmennmedisin, og er i gang med spesialisering i samfunnsmedisin. Andreas hadde turnusteneste ved medisinsk avdeling i sjukehus, og har variert praksis som fastlege, sjukeheimslege, lege ved helsestasjon og i kommunal legevakt. Frå 2018 var han kommuneoverlege i Lurøy, før han kom til Luster i 2021.

Kari Ingeborg og Andreas fekk noko tid med overlapping med Knut, men det er likevel mykje nytt for dei begge. Slike leiarskifte er krevjande, og det

vil alltid ta noko tid før eit nytt leiarskap er etablert.

Samstundes har helsetenesta vore gjennom ei krevjande tid med korona. Dette har ført til slitasje på tilsette, og harde prioriteringar. I dette ligg at nokre oppgåver har blitt skyvd ut i tid, og ein har no eit etterslep som skal løysast. I tillegg har det vore ein noko usikker bemanningsituasjon.

Ei ny utfordring er mottak av inntil 90 flyktningar i 2022. Dette vil gje helsetenesta ekstra oppgåver, særleg i juni og august, da det er planlagt at eit fleirtal skal kome. Tenesta står difor i ein fase med mange utfordringar. Det vert arbeidd med løysingar for å møte dette på kort- og lang sikt, og målet er at ein frå september/oktober skal ha kome over i ein meir stabil-/normal driftssituasjon.



Sterk og stødig er eit konsept med gruppetrening for seniorar med hovudfokus på å styrke beina og betre balansen. Målgruppa er heimebuande seniorar som klarer seg godt i eigen heim utan særleg bistand frå kommunen, men kanskje kjenner på ustøheit i enkelte situasjonar eller endringar i funksjon.

Viktige prinsipp er at gruppene skal føregå i

Ønskjer du eit **treningsstilbod for seniorar** i bygda di?

nærmiljøet og at det skal vere gratis å delta. I tillegg blir det lagt vekt på det sosiale med tid til ein kaffikopp og prat i etterkant av treninga. Sterk og stødig er i dag etablert i mange norske kommunar, og me vil at Luster skal bli den neste!

I Sogndal og Luster er det Frisklivssentralen som har hovudansvaret for å drifta tilboden, i tett samarbeid med fysioterapeutane i dei to kommunane.

Me ønskjer å få på plass dette tilboden i bygdene i Luster og treng difor frivillige instruktørar til å leie gruppene.

Dette kan passe for deg som har moglegheit og lyst til å stille opp på dagtid. Det er ikkje nødvendig å ha erfaring som treningsinstruktør, men du bør vere komfortabel med å leie ei gruppe. Du vil få god opplæring gjennom kurs i forkant og få utdelt alt materiell og utstyr du har bruk for. Fysioterapeut vil følgje opp instruktørane.

Har du lyst å bli instruktør eller kjenner du nokon som kanskje vil bidra? Ta kontakt med fysioterapeut Laila Kjærvik på tlf 47 80 89 61 eller Kari Ingeborg Bukve tlf 98 90 38 39 for meir informasjon.

Datakafé – open for alle!

Datakafe har blitt ein fin møteplass i sentrum av kommunen.

I vår har det vore datakafe med bingo kvar 14. dag på biblioteket i Gaupne.

Tilboden startar opp att til hausten. Her er alle velkommen om du treng hjelp med data eller ikkje ☺



Luster BesøksVen

Me gjer det enkelt og trygt å kome i kontakt med ein som passar for deg. Det er opp til deg, når og kvar.

Tiltaket er eit samarbeid mellom Luster kommune, Luster Revmatikarforening, Luster Røde Kors og Nasjonalforeningen for folkehelsen Gaupne helselag.



Aktivitetar de kan gjere saman: Få besøk – reise på besøk, radiobingo, biltur, kafébesøk, gå på tur, sjå film i lag, lage mat i lag, spele kort/bridge, datahjelp (nettbank, FaceTime mm), osb.

Ta kontakt med Kari Paulsen tlf 57685702 e-post: kari.paulsen@luster.kommune.no eller servicetorget tlf. 57685500, epost post@luster.kommune.no



I Luster ønskjer me at livet ditt som senior skal vera eit godt og trygt liv. Du skal vita at du, helsa di og livskvaliteten din er viktig for oss!


Det gode liv som pensjonist

Kommunen har utarbeida ei brosjyre og med det ønskjer me å bidra til at du får informasjon om ulike tilbod, generell informasjon om viktigeiteta av aktivitetar og kor du finn dei ulike tilboda.

Brosjyra finn du på heimesida til kommunen, omsorgssentera, helsecenteret mm. Ønskjer du den i papir kan du kontakte sørvistorget på rådhuset.

I tillegg har kommunen utarbeida digital

informasjonsmodell «Fjellet» som ligg på heimesida. Ved å klikke på boksane kan ein få informasjon om tema som velferdsteknologi, er du pårørande, livsendringar mm.



Oversikt over transporttilbod i kommunen

Serviceskyssen:

Serviceskyssen er eit tilbod til alle som bur i Luster kommune, det er inga form for godkjenning for å nytte seg av dette tilboden. På faste dagar til fastsett tid vert det sett opp drosje i rute i ulike delar av kommunen. Rutene går sjølvsgåt i retur seinare på dagen.

Alle passasjerar som ønskjer å nytta Serviceskyssen må bestilla hjå **Luster Taxi**: (tlf: 57 68 16 20) innan kl. 18 dagen før turen. Då avtalar ein tidspunkt for henting.

Eigenbetaling kr 30 kvar veg.

Oversikt over rutene:

[https://www.luster.kommune.no / serviceskyss.399672.nm.html](https://www.luster.kommune.no/serviceskyss.399672.nm.html)

Buss:

I Luster kommune har me bussruter som går til dei ulike bygdene til ulike tider. Du kan søke på www.kringom.no for å søke opp di rute og finne tidspunkt bussen går.

Skyss til balansestrenging:

Luster kommune tilbyr skyss til «Betre balanse» gruppene på omsorgssentra. Du kan bestille ved å ringe Servicetorget på Rådhuset, tlf 57 68 55 00 (opningstid 9-15). Siste frist er kl 15 dagen før.

Luster ungdomstaxi - LUT:

Er eit tilbod til ungdom busette i Luster mellom 13-19 år. Dette er eit tilbod som gjeld frå alle opne arrangement i Luster kommune, og i kulturhuset i Sogndal, også trening/øving, møte, kurs teater og kino. Må vera minst to passasjerar. Eigneandel er 50,- kr pr gang pr person kvar veg.

Du bestiller tilboden hjå Luster Taxi,

tlf 57 68 16 20, sei ifrå om at du skal nytte denne ordninga.

Trygt heim for ein 50-lapp:

Dette er eit tilbod som er ope for alle, men det er spesielt retta mot ungdom mellom 16 og 24 år. Ruta går kvar natt til søndag heile året, i tillegg går rutene natt til 1. mai, natt til 17. mai og natt til 3. juledag. Rutene er både faste ruter og bestillingsruter.

Bestillingsruta må bestillast på tlf 57 67 10 00 innan kl 18 same dag, her må det vera minst tre reisande for at den skal gå.

Oversikt over ruter:

<https://www.kringom.no/sogndal-kl-0230-natt-til-soendag.5480386-318964.html>

Reisande under 30 år betalar 50.- dei over 30 år betalar 100.-

Facebookgrupper for samköring:

I Luster har me ulike grupper på facebook som har som mål å bidra til meir samköring.

Jostedal – saker, ting og skyss:

<https://www.facebook.com/groups/454265267948483>

Samköring i Luster:

<https://www.facebook.com/groups/291633888537817>

Her kan du legge inn spørsmål om turar eller legge inn at du tilbyr skyss. Dette er både sosialt, du kan hjelpe andre og det er miljøvennleg!

TT ordninga:

TT transport er eit tilbod som skal bidra til at personar med ei funksjonsnedsetting som bur i Luster kommune, skal ha eit alternativt transporttilbod.

Transporten går føre seg med drosje.

Du kan lese meir om ordninga og søknad her: <https://www.vestlandfylke.no/Kollektivogtransport/tt-kort/sok-tt-kort---hordaland/>

Skyss til Seniortreff:

Det blir organisiert transport til Seniortreff for dei som har behov.

Påmelding pr. tlf. 57 68 55 00 innan onsdagen før kl. 13.00.

Kjenner du deg trygg heime?

Treng du nokon å snakke med?

Luster legekontor:	57 68 56 00
Luster helsestasjon:	57 68 56 05
Psykisk helseteam:	57 68 56 34
Familievernkontoret:	46 61 92 80
Sogn barnevern (dagtid):	97 50 60 95
Barnevernvakta (kveld/natt/helg):	40 02 29 88
Krisesenteret i Florø:	57 74 36 00
Overgrepsmottaket (Førde):	57 72 37 48
Politi:	112
Legevakt:	116 117

Ved akutt fare, ring politiet 112.

Politiet kan pålegge overgripars besøksforbod og kan hjelpe deg å kome til kriesenteret. Du kan melde valden.

På Kriesenteret i Florø kan du kome både dag og natt for å bu trygt. Du treng ikkje å ha synleg skade for å søkje hjelp – trugslar og psykisk vald er like alvorleg.

Er du blitt seksuelt misbrukt eller voldtatt? Ring overgrepsmottaket i Førde: **57 72 37 48**. Dei tek vare på deg, undersøker deg og hjelper deg å dokumentere overgrepet.

Nasjonale hjelpelefonar	
Mental Helses hjelpelefon:	116 123
Alarmtelefon for barn og unge:	116 111
Kors på halsen (for barn og unge):	800 333 21
Vold- og overgrepsslinjen (VO):	116 006
Røde Kors-telefonen om tvangsekteskap:	815 55 201
Hjelpelefon for seksuelt misbrukte:	800 57 000
Alternativ til vold (ATV):	55 60 31 99
Vern for eldre:	800 30 196

Er du vitne til vald; som nabo, ven eller kollega? Er du uroleg for at ting ikkje er som det burde vere hjå nokon du kjenner? Ikkje ver redd for å seie ifrå, du kan gjere ein skilnad.

Meir informasjon finn du på:

<https://DinUtvei.no>

For meir informasjon om kven du kan snakke med, scann QR-koden:



SJEKKLISTE:

- Er du usikker på om det du opplever heime er bra for deg?
- Er du redd for kva som kan kome til å skje med deg?
- Er barnet ditt trygt?
- Får du høyre at du ikkje er verdt noko?
- Vert du tvinga til seksuelle handlingar?
- Vert ting du er glad i øydelagt?
- Ynskjer de hjelp til å løyse konfliktar?
- Disponerer du eigne pengar?

Det er aldri din feil! Det er aldri for seint! Det er alltid hjelp å få!



Hjarteleg takk for minnegåver til Gaupne omsorgssenter, Kortidsavdelinga, i høve **Elsa-Irene «Sussi» Solheim** og **Gerda Amanda Li** sin bortgang.

Tone Kjærvik Kveane, leiar

Hjarteleg takk for minnegåver til Luster omsorgssenter i høve **Helga Steig, Helga Skjolden, Kjellaug Veum** og **Aslaug Fuhr** sin bortgang.

Liv Hunshamar, leiar

Hjarteleg takk for minnegåve til Hafslo omsorgssenter i høve **Målfrid Venjum** sin bortgang.

Ruth Karin Kvam, leiar



Ole Sebastian Nesvoll Orrestad, Anders Martinius Bø Tuxen, Oda Bertine Bondevik Lie og Frida Finden Bugge frå ressursgruppa saman med relasjonsterapeut Dora Thorhallsdottir, prosjektleiar Marte Kvisterø Krogstadmo og prosjektmedarbeidar Jarle Teo Andersen.

«Relasjonar med barn»

Foredrag med Dora Thorhallsdottir

Føresette og tilsette i barnehage, SFO og skule i kommunane Luster og Sogndal fekk 21. mars oppleve eit inspirerande føredrag krydra med humor med relasjonsterapeut Dora Thorhallsdottir.

I samband med prosjektet «Livsmeistring robuste barn og unge» arrangerte Luster- og Sogndal kommune temakveld for føresette og tilsette. Relasjonar med barn var tema og ungdom frå ressursgruppa i prosjektet ga råd til vaksne om kva dei meiner er viktig for at barn og unge skal bli robuste. Dei tykkjer det er dumt at psykisk helse framleis er eit tabubelagt tema og ynskjer

meir openheit. Dei fortel om skilnadar på dei ulike skulane når det gjeld undervisning i tema og ynskjer at dette skal bli eit meir likt tilbod.

Gode råd og konkrete reiskap
Dora Thorhallsdottir gav gode råd og konkrete reiskap til korleis skape ein nær, kjærleg og slitesterk relasjon til barn. Ho kom og med konkrete råd som er aktuelle i andre relasjonar; parforhold, venner, på arbeidsplassen etc.

1. Evna til å møte andre er avhengig av korleis me har det med oss sjølv.
2. Det gir ein magisk effekt å starte setningar med «Eg»:

«Eg tenkjer at...», «Eg vil at...». Det er tydeleg og du tek ansvar for kva du seier. Unngå å bruke «du, man, vi», det provoserer og er irrettesettande.

3. Ver tro mot deg sjølv og ver tydeleg på eigne grenser: «Eg vil gjerne», «Eg vil ikkje». Det gir ikkje rom for tolking. Du er innom deg sjølv, det er indrestyrt og genuint. For å kunne hjelpe andre må du ha det godt med deg sjølv.
4. Ver tro mot deg sjølv og kjenn etter om dette er noko du vil, bør, skal eller må.

5. Skil sak og person og anerkjenn kjensler. Å tote barna sine kjensler er ubetinga kjærleik i praksis. Sett ord på kjenslene: «Eg ser at du er sint, men eg vil ikkje at du slår systera di».
6. Fortel kva du vil og unngå å bruke ordet «ikkje» i starten av setninga. «Eg vil at du skal kome heim».
7. Gi aleinetid med kvart einskild barn.
8. Aktiv lytting: Unngå å bruke spørjeordet «kvifor» det gir kjensle av å bli angrepet.
9. Vel dine kampar. Ta dei kampane som er verdt å ta - barn treng kjærleik- så kjem folkeskikk av seg sjølv.
10. Vis at du bryr deg og sei det høgt, det er det barn treng. Barn klarar seg når dei veit at dei vaksne bryr seg og likar dei.
11. Personleg tilbakemelding i staden for å bruke ordet «flink», som vert opplevd som manipulerande. «Du brukar fine fargar».
12. Me vaksne er rollemodellar. Barn gjer som me gjer og ikkje som me seier. Obs dersom vaksne brukar mykje tid på telefonen sjølv.
13. Har barn god sjølvkjensle (likar seg sjølv som dei er) vil dei stå stødig i livet og tote store orkanar, vaksne må bygge opp sjølvkjensla og ikkje sjølvtilletten til barna: «Det er ikkje kva eg gjer som avgjer min verdien den eg er».



RPH teamet f.v: Vivi Ann Abelsen, Silje Systad Moen og Randi Kalstad.

Rask Psykisk Helsehjelp

Rask Psykisk Helsehjelp er eit tilbod til deg over 16 år som opplever at du har behov for hjelp til å takle lettare psykiske helseplager som:

- Milde til moderate depresjonsplager
- Ulike angstlidingar
- Søvnvanskar
- Byrjande rusproblem

Tilbodet er gratis og du treng ikkje tilvising frå lege.

Korleis?

Rask Psykisk helsehjelp tilbyr kognitiv terapi som er ein godt dokumentert behandlingsmetode for psykiske lidingar. Du deltek aktivt sjølv i behandlingsprosessen. Behandlinga kan innehalde:

- Meistringskurs «Tankens kraft»
- Rettleia sjølvhjelp med oppfølgingssamtalar via telefon

- Individuelle samtalar
- Målet er at du skal oppleve:
 - Auka meistring i kvardagen
 - Få betre livskvalitet
 - Mindre symptomtrykk
 - Få tileigna nye verktøy som gjer at du kan handtere eigen situasjon betre

Kontakt:

Teamet er tverrfagleg samansett med brei og god kompetanse. Alle tilsette har vidareutdanning i kognitiv atferdsterapi.

- Telefon: 57 68 56 37
- E-post: rask.psykisk.helsehjelp@luster.kommune.no
- Føl oss på facebook: Rask Psykisk Helsehjelp Luster. Her finn du utfyllande informasjon om tilboda våre og kursdatoar.

Velkommen!



Ungdomslos Armando Navarro.

Ungdomslos

Er du lite motivert for skulearbeid, har du utfordringar med å kome deg på skulen eller treng du hjelp til å koma i gang med aktivitet? Då kan du ta kontakt med Armando Navarro som er ungdomslos i kommunen.

Kva er ein ungdomslos?

- Ungdomslosen er eit tilbod for elevane på ungdomsskulane i kommunen; for å auke

trivsel på skulen, auke mestringskjensle og for å førebygge fråvær.

- Ungdomslosen samarbeider tett med ungdommane sine foreldre eller andre omsorgspersonar og hjelper dei med å understøtte ungdommane sin skulegang.

Kva kan ungdomslosen hjelpe til med?

- Planlegge lekser og studieteknikk
- Sortere tankar og kjensler,

takle nervositet

- Støtte- og motivasjonsamtalar med ungdom
- Vekking/køyring/henting til og frå skulen (i avgrensa tidsperiode)
- Hjelpe til med å strukturera kvardagen og få god døgnrytme
- Skape nettverk og sosiale relasjonar
- Motivere og lose inn i aktivitet på fritida
- Bli med ungdommen i møte med ulike instansar
- Vere med på overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande opplæring
- Hjelpe og motivere ungdom til å kome i kontakt med hjelpetenester
- Hjelpe til med andre type tiltak som ungdommane treng for at dei skal oppleve sin kvardag som god

Ungdomslosen skal hjelpe ungdom når dei sjølv ynskjer det og kan møte ungdommen på deira arena, samt vere til stades når ungdommen treng nokon å snakke med.

Korleis kome i kontakt med ungdomslosen?

Elevane sjølv kan ta kontakt med ungdomslosen på skulen eller via tlf./SMS. Føresette/omsorgspersonar, tilsette på skulen eller andre offentlege tilsette kan ta direkte kontakt. For å avtale møte kan du enten ringe eller sende ei melding på: 45979559 eller på e-post: Armando.Navarro@luster.kommune.no

Dette er et lågterskelt tilbod, har du ei bekymring for ein ungdom – ta kontakt.

HFU

På helsestasjonen i Gaupne har me eit gratis tilbod til ungdommar på ungdomskulen og vidaregåande - **Helsestasjon For Ungdom**. Me følger skuleruta og har ope kvar **torsdag frå kl 14.30 til kl 17.00**.

I feriane kan ein komme på dagtid mellom kl 12.00 og kl 15.00.

På HFU kan me snakke om alt, alt du måtte ynskje. Vennskap, familierelasjonar, kjærestar, aktivitet, kosthald, spiseforstyrrelsar, helse, seksualitet, prevensjon,

graviditet, psykisk helse, konfliktar, press, beskymringar, usikkerheit, gleder, sorger, rus, avhengigheit, mobbing, utdanning/skule og nettvett, for å nemne nokre tema.

Her kan du komme utan å bestille time, men dersom det ikkje passar på torsdagar kl 14.30 – 17.00 kan du kontakte oss på **57685605 / 45878041** for anna tidspunkt. Ynskjer du ikkje å komme aleine, ta med ein venn, eller kom som ei gruppe.

Helsestasjon For Ungdom er både på SnapChat og Instagram (**HFULuster**).

Her blir det lagt ut generell informasjon om helse, ulike tema, samt påminning om opningstider og kven du møter.



QR-kode
SnapChat.



QR-kode
Instagram.



Instruktørgruppa "Passion".

Dans Uten Grenser Luster (DUG)

Under pandemien gjekk DUG Luster inn i ei prossess kor ein ynskja å byggje danseverkstaden opp igjen etter ei lang tid med usikkerheit og isolasjon. Ungdommane fekk ekstra opplæring og blei fulgt godt opp over eit års tid.

Dette har resultert i fulle hus på elevframsyning og eit elev-antal som har auka med nesten 100%. DUG Luster har motteke støtte frå Luster Sparebank i 2021 og 2022, eit samla beløp på 100 000 kr. Dette er vi svært takksame for og vil hjelpe oss med å byggje danseverkstaden vidare!

I april var instruktørgruppa "Passion" på fylkesfestivalen/ UKM i Måløy og fekk god respons etter opptreden. Dei jobbar i skrivande stund mot elevforestilling på Hafslø 13. juni, prøvedans for nye unginstruktørar og fylkesturné som har premiere i september 2022 - ei forestilling med 110 ungdommar frå Sogn, Sunnfjord og Bergen.

Vi i DUG Luster gler oss til å ta imot nye og gamle elevar til hausten, samt nye unginstruktørar!

VinterMoro

Me hadde tre flotte dagar med VinterMoro i vinterferien. Skidagar og gaming, klatring og hallaktivitet sto på programmet. Det vart fine dagar med nye opplevingar, venskap, meistring og glede. I sommar blir det FriMoro og andre sommaraktivitetar for både 4.-7. trinn og 8.-10. trinn. Det gler me oss til!

Mange deltok på Vintermoro på Sogn skisenter.



Gobiten har Kahoot quiz på Fjordstova.

Gobiten – ein møteplass for alle

Gobiten, generasjonsmøteplass, er no starta opp i Skjolden, Gaupne og Hafslo. Med tema som VR-briller, uteaktivitetar, juleverkstad og påskeaktivitetar har det vore mykje spennande å vere med på. Til hausten håpar med å få med enda fleire – her er alle velkomne! Har du forslag eller ønskje om tema på ein kveld? Ta kontakt med Ingrid Mork Nygård på 94156230 eller ingrid.mork.nygard@luster.kommune.no.

Stolpejakt

Stolpejakta i Luster er no i gong. Mange har allereie byrja å samle stolpar – og me

Stolpejakt engasjerer store og små.



håpar enda fleire ønskjer å bli med. Pr. 20. mai har me 349 stolpejegarar i kommunen.

Stolpejakta er eit gratis lågterskeltilbod for alle. Her jaktar du stolpar i ditt nærmiljø og du kan sjølv velje om du vil gå, sykle eller springe for å finne stolpane. Mange av stolpane kan du også nå med rullestol. Det er ein flott moglegheit til å bli betre kjend i Luster kommune – anten om du bur her eller er på besøk. Last ned appen «stolpejakten» i App Store eller Google Play og bli med. God stolpejakt!

Møteplass for ungdom

Me kjem stadig nærmare opning av ein møteplass for ungdom. Om alt går etter planen vil det vere i gong i løpet av hausten 2022. Det blir to avdelingar, ein på Hafslo og ein i Gaupne. Ungdommane er engasjerte og i stor grad med i planlegginga. Dei ser fram til å få ein plass å henge. Me håpar dette blir bra for ungdommane!

Bidra til at alle barn og ungdom deltek i **fritidsaktivitetar!!**



Fritidserklæringa bygger på artikkel 31 i FNs barnekonvensjon. Den seier at alle barn har rett til fritid og leik, og til å delta i kunst og kulturliv. For å få til det er det viktig med godt samarbeid både internt i kommunen og mellom kommune og frivillighet/næringsliv.

«Det handlar om kva vi saman kan gjere for at guten på 8 år som seier han ikkje deltek blir med».

Tiltak: **Friskus**

Alle kommunar blir oppmoda om å bruke digital aktivitetskalender slik at ein enkelt kan få oversikt over aktivitetar i kommunen.



I Luster brukar vi FRISKUS. Tenestene kan nytte Friskus i samtale med foreldre og barn for å finne passande fritidsaktivitet. Vi håpar at alle lag og organisasjonar vil legge ut sine aktivitetar på FRISKUS slik at ein får enkel og god oversikt over alle aktivitetar i Luster.

Du finn god informasjon på heimesida til kommunen om FRISKUS. Treng du hjelp til å legge inn kan de sende plakat/informasjon (for eksempel treningstider) til ingrid.nygard@luster.kommune.no så legg ho inn.

Luster fritidsfond

Alle barn og unge skal få moglegheit til å delta på fritidsaktivitetar i Luster kommune. Økonomi skal ikkje vere eit hinder for deltaking. Kjenner du nokon som har lyst til å vere med på ein

fritidsaktivitet, men ikkje har økonomi til det, kan Luster Fritidsfond vere til hjelp. Meir informasjon på heimesida til kommunen.

Politisk frivilligkeitserklæring

Luster kommune har i sitt budsjett for 2022 lagt inn at vi skal starte arbeidet med ein politisk frivilligkeitserklæring. Å etablere eit forutsigbart og konstruktivt samarbeid mellom kommune og lag/org er viktig for samfunnsutviklinga i kommunen og for å oppretthalde «levande» bygder.

Frivilligkeitserklæringa skal behandlast politisk og kommunen vil invitere alle lag og organisasjonar til kveldskonferanse –/ innspelkonferanse den 4. oktober. Invitasjon kjem.

Utstyrssentral

Drifta av Luster Frivilligkeitssentral. På utstyrssentralen kan alle leige gratis turutstyr, inntil ei veke om gongen. Dei held til i Pyramiden ved sida av bruktbukkisen. Ved utstyrssentralen er det grunnleggande turutstyr, syklar, ski- og akeutstyr.

Luster Fritidsfond





Arne, Liv Janne og Sverre i full konsentrasjon ved bordet.

Bridge – eit spel for livet!

Visste du at Noreg ligg i verdstoppen når det gjeld bridge?

Bridge er eit kortspel der ein åleine og saman med makker skal analysere, vurdere og samarbeide gjennom meldingar og spel. Her i Luster har me eit av dei mest aktive bridgemiljøa i fylket.

Gjennom pandemien har det vore færre sosiale møtestader, for oss som spelar bridge har dette vore tungt å sveglja. Rett nok finn ein ulike digitale løysingar, men det er ikkje noko som kjennest betre enn å møta kvarandre ansikt til ansikt ved bordet. No får me endeleg høve til det att!

Frå september til mai spelar me fast ein gong i veka i ungdomshuset «Soltun» i Gaupne. I tillegg er fleire av oss aktive som bridgespelarar både i fylket, nasjonalt og til og med i Sverige.

Hafslo bridgeklubb og Gaupne bridgeklubb valde nyleg å slå seg saman, og namnet vårt er no Luster bridgeklubb.

Det første vedtaket me gjorde i den nye klubben var å stø opp om Bjørn Skovly sitt prosjekt til inntekt for vanskelegstilt ungdom i Uganda med kroner 10 000. I tillegg arrangerte me i påska ei turnering til inntekt for Røde kors sitt arbeid i Ukraina.

Har du spelt bridge tidlegare? Er du glad i kortspel?

Likar du tankesport? Då kan bridge vera midt i blinken for deg. Det spelar ingen rolle om du er ung eller gammal, kvinne eller mann, fattig eller rik! Ta gjerne kontakt med leiar John Inge Fredheim eller ein annan bridgespelar du kjenner. Me vil gjerne verte fleire!

*Jan Molland fekk plakett på 90-årsdagen i 2019.
Han er «still going strong» i klubben.*





Foto: Lustramarknaden, Robert Austheim.

Årets bedrift i Luster 2022

For 32. gong delte Luster kommune ut prisen ”Årets bedrift i Luster” under Lustramarknaden. Det er næringsutvalet i Luster kommune som avgjer kven som får prisen. I statuttane for tildelinga står det mellom anna:

«Prisen som årets bedrift er ei honnørutmerking. Prisen vert delt ut til ei bedrift som på ein positiv måte har utmerka seg. Prisen kan gå til etablerte føretak og nyetableringar».

Ordførar Ivar Kvalen stod for overrekkinga av prisen som næringsutvalet tildeler.

– I år 2022 går prisen til eit etablert føretak. Verksemda har markert seg ekstra godt no siste året, med stor satsing og nyinvestering. Årets bedrift i 2022 er Nes gard. Eg vil be eigar og drivar Anders Manum om å komme fram.

Kvifor har så Nes gard fått denne utmerkinga: Nes gard er

ein gard med lange tradisjonar. Novarande eigar er 8. generasjon i same familie. Fram til ca. år 2000 dreiv Anders Månum sin grandonkel garden med ein allsidig landbruksproduksjon.

Foreldra til Anders Manum, Asbjørn og Mari, hadde lite erfaring med jordbruk då dei tok over garden. Jordha vart derfor leigd bort og i 2002 starta arbeidet med å tilpassa husa på garden, dei fleste frå 1850, til overnatting og hotelldrift. Anders si mor var kokke og faren var alt-mulig mann og guide.

De første gjestene sjekka inn sommaren 2003. Då hadde dei kun 4-5 soverom. Heilt frå starten var hovudmarknaden for Nes gard, fottur-interesserte folk både frå inn og utland.

Alt i 2011 starta Nes gard med skihelgar. Fyrste året ei helg, og det var stor interesse. Dette har utvikla seg svært mykje, no i 2022 er det 16 skihelgar og fyrste helga

var 10. februar. Det har og ført til at sesongen på Nes gard no er vorten 9 månader.

Anders Manum tok over eigarskap og drift i 2021. Det var midt i koronatida, men det har gått bra, og mykje har skjedd ved verksemda. Siste året er hytta Fjordspeilet kommen på plass, vinbaren i grisehuset er etablert, bryggeområdet med badstu og badestamp er ferdig og det er laga festlokale i den gamle låven med plass til nær 100 gjester. I 2023 kjem Fjordspeilet 2.

Omsetninga har vakse raskt, i fyrste driftsår i 2003 var omsetninga 260.000 kr, i 2012 2.7 mill kr, i 2021 6.6 mill kr og budsjettet i 2022 er på 8.5 mill kr.

Det jobbar 17–18 personar på Nes gard i hovudsesongen, og det kan bu 40 personar på anlegget.

Marknaden er firmagrupper og private vennegjengar i skihelgesongen, sommarsesongen har både norske og utanlandske gjester, hovudsakleg fotturinteresserte. Mange av gjestene kjem via turoperatørar.

Anders Manum ynskjer no etter utbygginga å gjere Nes gard meir tilgjengeleg for lokalbefolkinga. Både festlege samkomer, middagar og kulturarrangement vil vere aktuelt framover. Nes gard har alltid hatt fokus på god mat. Dei siste åra har dei løfta matopplevelinga med auka bruk av lokale råvarer.

Til slutt: Nes gard er ei viktig reiselivsverksemde i Luster kommune. Det er viktig for ein kommune å ha verksemder med god kunnskap og som satsar i regionale og nasjonale marknader. Vi veit Anders Manum har fleire planar.

Lukke til med arbeidet framover.



Bjørn Jensen, Tor Endresen og Svein Tore Hindenes frå Ausekarane laga liv i Rådhusparken, både allsang og klapping tok til, det vart god stemning.

Endeleg fekk me ha **marknad** igjen – etter 2 år utan



Bondelaga hadde tatt med seg lam på marknad. Herleg med det beste sommarteiknet tilstades.

Vermeldinga viste 0 nedbør fram til kvelden, men så feil kan dei ta. For himmelen opna seg, og alt vart gjennomvått.



Even Kvåle Sanden hadde meg seg ei lita smie på stand, og her kunne ein sjå smeden i arbeid.


Regnponchoane me kjøpte inn i 2018 kom godt med no, me delte ut så fort me klarte og plutselig var marknaden farga i gule regnponchoar. Tross regn, var det berre smil å sjå. Endeleg var me samla, endeleg var det marknad igjen. Me vil takka alle som bidrog til årets marknad, heltane som sponsar og gir, utstillarane som kjem med sin flotte stand, dei som tek plass på scena, dei på dugnad og ikkje minst alle som tok turen denne laurdagen.

*Arrangørane.*

I år hadde også Simas teke turen, med både bil og dunk. Mykje informasjon og kjekke aktivitetar.

Sogn Brann og Redning stilte opp med både bil og bjørn. Stor stas for barna å sjå Bjørnis.

Ingen marknad utan tivoli. Bergstrøms Tivoli var på plass med både karusellar og spel, regnet stoppa ikkje lusteringane på noko måte, her vart det kø.



Fleire lag og organisasjonar hadde stand, blant dei var Luster Hagelag. Her bugna det i gode lukter og fine fargar.



God stemning på Lustrabalder! 800-900 stk innanfor portane fredag og over 1000 stk laurdag.

Mange frivillige vakter under årets LustRabalder. Utan dei hadde me ikkje klart å arrangere festival.



Johannes Opheim stilte opp også i år med hest og kjerre, til stor glede for store og små. Sjeldan ledige seter på desse turane.



PS: Heile galleriet frå i år og tidlegare år finn du på nettsida vår: www.lustramarknaden.no



Olsok-marknad i Fortun

Velkommen til Olsokmarknad i Fortun laurdag 30. juli.

Etter ein pause på tre år vert det attar Olsokmarknad i Fortun. I år har me skalert ned til éin marknadsdag, men tradisjonen tru vert det lykkehjul, lotteri, sal av grillmat, kaker og kaffi, og ikkje minst grønsaker, bær og ulike saker og ting å få kjøpt i bodene.

Det er óg slåttedagar i Ormelid denne laurdagen, og på kvelden vert det konsert med Folk Flest i hagen på Forthun Turiststasjon.

Velkommen til Fortunsdalen!



Lustrabadet

Me er under renovasjon no, der me byter ut flisene med betongslipt golv.

Det er eit selskap frå Stange, CXP, som utfører jobben.

Dei er godt i gang og me håpar å kunne opne att til sommarferien startar.





Urneskilen, vinnarbidraget.

Urnes verdsarvsenter

Verdsarven Urnes stavkyrkje vart autorisert som verdsarvsenter i 2019. Same år vart Ingebjørg Njøs Storvik tilsett som dagleg leiar for verdsarvsenteret. Ho har det overordna ansvaret for besøksdrifta til Urnes, og for å løyse oppgåvane eit autorisert verdsarvsenter har.

Til trass for nokre år med pandemi, og til trass for at eit fysisk senter enno ikkje er bygd, har den utadretta aktiviteten til verdsarvsenteret kome i gang. Sidan 2021 har verdsarvsenteret på Ornes, i samarbeid med verdsarvkoordinator og Breheimssenteret utvikla eit undervisningstilbod for elevar i Luster og Sogndal kommune. For hausten 2022 vert det planlagt ei større markering av UNESCO-konvensjonen sitt 50-årsjubileum

Arbeidet med å få på plass eit fysisk verdsarvsenter på Ornes er i gang. Det overordna konseptet for prosjektet har fått namnet "Verda

inn på tunet". På eit normalår, løyer mellom 20.000-25.000 besökjande frå inn- og utland billett inn i kyrkja. For ei bygd på Ornes si storleik, er dette bokstavleg tala å få verda inn på tunet. Ikkje at dette er nytt: da fjorden var hovudferdsleåre, og Lustrafjorden eit knutepunkt mellom kyst og fjellovergangar, var verda også til stades i nærmiljøet til stavkyrkja, noko bygget i seg sjølv er vitne om.

Ein arkitektkonkurranse for verdsarvsenteret vart lyst ut i 2021. Dette lot seg gjere etter at ein privat gjevar gav éin million kroner til dette føremålet og Luster kommune løydde 700.000 kroner frå næringsfondet. Detaljreguleringsplanen for tomta der senteret skal byggjast vart politisk vedteken av Luster kommune i desember 2021.

124 bidrag kom inn til konkurransen. Ein jury på 6 medlemmar vart satt saman, og



Vinnarane ombord på Mf Urnes.

landa til slutt på ei einstemmig avgjerde: «Urneskilen» av Lipinski Arkitekter/A.C.B./Tobias Laukenmann vann arkitektkonkurransen for Urnes verdsarvsenter. Vinnarutkasta vart offentleggjort midtfjords mellom bygdene Solvorn og Ornes, ombord i MF Urnes.

Arbeidet går vidare. Det skal verte utarbeida ein detaljplan for prosjektet, og det skal samlast inn midlar til bygginga. Fortidsminneforeninga sin sentraladministrasjon er byggherre for senteret, og prosessen kan verte følgd på nettsida www.urnesstavkirke.no



Ny bru.

Nigardsbreen naturreservat

- eit område i stadig endring

Informasjon og tryggingstiltak

Forvaltninga for Nigardsbreen naturreservat arbeidar med fleire informasjon- og tryggingstiltak. Som alle veit gjeld allemannsretten i utmark i Noreg, og lovverket legg ansvaret på kvar einskild om å ta vare på seg sjølv i norsk natur også i farlege område. Sjølv om Nigardsbreen er eit naturreservat, så legg ikkje verneforskrifta noko avgrensing på ferdsla. Likevel tek fleire eit ansvar for å unngå at folk kjem til skade ved Nigardsbreen. Samarbeid på tvers av forvalting og næring har

resultert i fleire tiltak i området som skal betre tryggleiken og opplevinga dei besökande har av området.

Informasjonsordning

Sjølv med tydelege skilt og gjerde, så kryssar turistane over og går inn mot breen. Luster kommune har derfor vidareført ordninga med informasjonspersonell i år også. Ordninga har gjeve positive verknadar tidlegare år, og ein får gode tilbakemeldingar frå besökande.

Trygging- og tilretteleggings-tiltak – ny bru

I tillegg til å ha informasjonspersonell ved brefronten så har Luster kommune og forvaltninga av naturreservatet fått sett opp ei ny bru over breelva. Brua er levert av Magnus Kvame AS og er laga av betong og stål. Brua er finansiert av Luster kommune og miljødirektoratet. Målet med ny bru er å legge til rette for at dei besökande skal førast på ein sikrare sti opp til utkikkspunktet nærme nok brefronten.

Heilskapleg ROS-analyse er vedteken

Kommunen har eit grunnleggjande ansvar for å ivareta innbyggjarane sin tryggleik. Eit lovfesta krav er at kommunen skal ha utarbeidd ein heilskapleg Risiko- Og Sårbarheits analyse – ROS-analyse – knytt til ulike ulukkeshendingar i kommunen.

Kommunestyret vedtok 18.11.2021 «Overordna heilskapleg ROS-analyse for Luster kommune».

Heilskapleg ROS-analyse

Heilskapleg ROS-analyse er ei vurdering av:

- a) Kva uønskte hendingar som kan kome til å skje.
- b) Sannsynet for at ei slik hending vil skje.
- c) Om kor sårbare system som påverkar sannsyn for, og konsekvensar av hendinga, er.
- d) Kva konsekvensar hendinga evt. vil få
- e) Utryggleik knytt til vurderingane, dvs. kor god er kunnskapen om aktuelle hendingar er.

Den heilskaplege ROS-analysen skal omfatte følgjande hendingar:

- Hendingar med store konsekvensar.
- Hendingar som er så omfattande at fleire sektorar/ ansvarsområde blir berørt.
- Uønskte hendingar som går ut over kommunen sin kapasitet til handtering
- Uønskte hendingar som skaper stor redsle/bekymring mellom innbyggjarane.

Uønskte hendingar

I ROS-analysen er det vurdert 16 ulike hendingar:

1. Snø-/sørpeskred i Bringebakkane
2. Flaum i Jostedøla
3. Sterk vind
4. Ureining av drikkevasskjelde, Hafslvatnet
5. Bortfall av straum i Gaupne
6. Bortfall av elektronisk kommunikasjon
7. Brot på vassforsyning i Gaupne
8. Innbrot i IT-system
9. Vegstenging, FV 55, Årøy
10. Forsyningssvikt, Veitastrond
11. Skuleskyting, Luster ungdomsskule
12. Brann på Luster omsorgssenter
13. Atomhending
14. Bussulukke på veg ned frå Sognefjellet
15. Pandemi
16. Dambrot

Nokre av hendingane må sjåast som døme, dei vil ofte ha overføringsverdi til andre tilsvarende hendingar.

Risiko = sannsyn x konsekvens. Ingen av hendingane er vurderte til å ligge i raud risikosone, dvs. at førebyggjande tiltak må iverksetjast straks for å redusere risikoen. 7 av hendingane ligg i gul risikosone, her kan det i dei fleste tilfelle vere aktuelt å setje i verk tiltak som set ned sannsynet for hendinga. I andre tilfelle, t.d. flaum i Jostedøla, atomhending og pandemi er det aktuelt med tiltak som reduserer konsekvensane.

Ugulsvik.



Gnist - innovasjonsprosjekt

Nyskapande utviklingsprosjekt med fokus på Solvorn, Undredal og Fjærland

Små lokalsamfunn blir utfordra i møte med reiselivet. Turisme er viktig for lokal verdiskaping, men det fører også til slitasje på miljøet, og på innbyggjarane sitt tolmod. I Solvorn er det særleg privatbilisme nede ved fjorden på varme sommardagar som skapar vanskar. Med nytt verdsarsenter på teiknebordet kan situasjonen bli endå meir utfordrande fram i tid. Luster kommune jobbar med å få på plass parkeringsforskrifter og fleire parkeringsplassar i Solvorn. Samtidig veit vi at areal er ein knappheits ressurs, og parkeringsplassar går på kostnad av andre omsyn. Det er også ynskjeleg at turismen i endå større grad skal bidra til lokal verdiskaping. Vi trur det kan vere potensial for å betre situasjonen for både innbyggjarar, besökande og næringsliv gjennom å vere opne og utforske nye løysningar.

 Lokalt Byrå



Ettersom Undredal i Aurland kommune og Fjærland i Sogndal kommune har liknande problemstillingar, tok Sogndal initiativ til å gå saman om ein søknad til innovasjonsprogrammet GNIST. Vi ville ha nokon til å utforske korleis ein kan legge til rette for ein berekraftig bygdeturisme som tek vare på lokale kvalitetar. Vi hadde ein anbodskonkurranse, og vinnaren blei designbyrået Lokalt Byrå, i samarbeid med innovasjonsstudioet Æra strategic innovation og doktorgradsstipendiat Svein Gunnar Kjøde. Dei får midlar av Design og Arkitektur Norge, Vestland fylkeskommune og Luster, Aurland og Sogndal kommune, for å jobbe vidare med dette.

Lokalt byrå beskriv seg sjølve slik: «Vi er et lite designbyrå som hjelper lokalsamfunn med å planlegge og designe for mer bærekraftige liv, sammen. Vi liker å jobbe med kompliserte utfordringer og å finne løsninger som funker for folka som bor der. Vi er heldige som bor i et land folk vil besøke og oppleve, så heldige at vi til og med kan bygge ei



Solvorn ein varm sommardag – utsikt mot Urnes stavkyrkje. (Bilde frå Ole Henrik Nitter Walaker).

næring på det. Men turismen er til for lokalsamfunnene, naturen og kulturen som besøkes, ikke omvendt. Vi er veldig glade for å få jobbe med kommunene Sogndal, Luster og Aurland for å utforske idéer for hvordan en slik turisme kan ta vare på og styrke de lokale kvalitetene inn i fremtiden. For å gjøre dette trenger vi dere som bor i bygdene og grändene med på laget, for dere er ekspertene på deres eget liv, hverdag og lokale forhold. Ikke vi. Vår jobb er å hjelpe til med å se hvordan vanlige folk kan skape nye muligheter i morgendagens bygdeturisme. Framtida blir best om vi styrer den dit vi vil og planlegger den sammen. Vi håper dere vil være med på prosessen!»

Utover sommaren og hausten skal Lokalt Byrå samarbeide med kommunen, innbyggjarar og lokalt næringsliv om å utvikle konsept og forslag som kan

bidra til å gjøre bygdeturismen meir innbyggjarvennleg og berekraftig. Dei vil gjennomføre arbeidsmøte i alle dei tre bygdene i tida 22.–26. august.

Resultatet skal bli ein løysningsportefølje med mål om å utløyse nye individuelle utviklingsprosjekt i regi av kommunen, frivilligheita og næringslivet. Løysningane kan dreie seg om både turistopplevelingar, bygd miljø eller tenester. Aktuelle konsept kan til dømes vere ein møteplass, ein ordning for utleige av el-sykkel eller ein framgangsmåte for å redusere bilkøyringa i sentrumsområde. Kva konsept som blir inkludert i porteføljen blir avgjort på bakgrunn av medverknaden. Lokalt byrå og Åera skal utforske ulike konsept og kva som skal til for å realisere dei. Denne måten å utforske moglegeite for utvikling i samarbeid med innbyggjarar, kommunen og næringsliv kan føre til heilskaplege løysningane, slik at ulike aktørar kan einast og dra i same retning. Vi håpar prosjektet vil føre til gjennomførlege løysningane som styrkar bygdene og bidreg til ein betre besøksoppleveling for både reisande og fastbuande.

Kontakten opp mot innbyggjarar før arbeidsmøtet vil hovudsakeleg gå gjennom bygdalaget og lokalt næringsliv. Om du har tankar eller idear sjølv, eller innspel til kven som bør inkluderast i prosessen, ta gjerne kontakt med Oliver Bjørndal i Luster kommune på oliver.bjorndal@luster.kommune.no / 908 23 084, Eller Nikolai Sabel i Lokalt Byrå på hei@lokaltbyraa.no / 952 84 407



Illustrasjon: Statnett.

Etablering av **nye Fortun transformatorstasjon**

4. mai arrangerte Statnett og Linja ope møte i Fortun om etablering av ny transformatorstasjon. Om lag 20 personar møtte. Illustrasjonen er henta frå presentasjonen, og viser kvar ny transformatorstasjon vert etablert.

Dette er eit stort anlegg som krev konsesjon frå NVE. Konsesjonssøknadar er sendt i oktober 21 og januar 22, og ein avventar sakshandsaming i NVE.

Det er ein betydeleg produksjon i området, og den nye transformatorstasjonen gjev auka kapasitet. God kapasitet og sikkerheit for levering er

kritisk viktig for industrien i Indre Sogn. Det er vurdert fleire plasseringar i Fortun, men ein har landa på det alternativet som vist på illustrasjonen som det beste alternativet.

Anlegget er av ein slik dimensjon at det må gjerast nokre grep med infrastrukturen for at ein skal få fram alle delane som transformatorstasjonen skal innehalde. Karta under viser punkt som skal utbetraast for at bygging kan skje. Dette er den fyrste svingen innover dalen etter butikken, bruva ved bensinstasjonen og eit punkt knytt til kaianlegget i Skjolden.

Status for kommuneplanen

i Luster kommune

Samfunnsdel

Gjennom året 2021 blei samfunnsdelen til kommuneplanen revidert. Det har vore lagt innsats i å få til god involvering i planarbeidet. Planen har 4 satsingsområde: Aktiv heile livet, tryggleik, distriktsinnovasjon og klimasmart. Etter høyringsrunden frå desember til februar 2022 har det kome ein del innspel som blir teke med vidare. Nokon innspel har blitt innarbeida i samfunnsdelen, medan andre vil takast med vidare som grunnlag for arbeidet med arealdelen til kommuneplanen.


No startar arbeidet med å følgje

opp måla kommunen har sett seg i planen.

Arealdel

Arealdelen av kommuneplanen er det øvste juridisk bindande styringsdokumentet for arealforvaltninga i Luster kommune. Planen skal sjå arealbruk i samanheng med samfunnsutviklinga, og den bestemmer hovudtrekka i arealdisponeringa og gjer rammer for nye tiltak. Den består av eit kart som deler heile kommunen inn i ulike arealformål, med tilhøyrande føresegner, retningslinjer og konsekvensvurderingar for nye utbyggingsområde. Siste versjon av planen er frå 2019. Arbeidet med ny versjon startar opp etter sommaren med

eit planprogram som skisserer prosessen og løftar fram utgreiingsbehov og viktige omsyn som skal få ekstra fokus gjennom planarbeidet. Eit tema som vil få ekstra merksemd er klima og miljø. Noreg har mål om å redusere klimagassutsleppa med minst 50% innan 2030, og Luster kommune ynskjer å gjere ein innsats for å bidra til ein berekraftig utvikling i tråd med ambisjonane. Luster og Sogndal kommune er del av ein felles bu- og arbeidsregion, og derfor samarbeider kommunane no om ein felles plan for korleis me skal få til vekst og utvikling som tek omsyn til klima. Denne planen blir eit viktig kunnskapsgrunnlag for arealdelen. Det vil bli sett av god tid til planprosessen til arealdelen, og planen skal først leggjast fram for kommunestyret i 2024 etter valet.



Reguleringsplan for Gaupnegrandane Plan-ID 2021005

Planområdet ligg i kommunesenteret Gaupne mellom fylkesveg 55 og fjorden og er på heile 450 daa. Innafor planområdet ligg

Gaupnegrandane som er ein gammal oppmudra og oppfylt elvegrande mellom elvene Jostedøla og Engjadalselva. I tillegg er strandsona mellom FV 55 frå sentrum til Hotla med i planen. Mesteparten av området er regulert tidlegare, men planane er av eldre dato då ein hadde litt anna syn på strandsonena i tettstadane enn det ein har i dag.

«Flystripa» langs Jostedøla som har vore nytta til spolebase er ikkje regulert. Målet med planarbeidet er å få regulert heile området på Gaupnegrandane slik at ein få utnytta eksisterande næringsområde betre og i tillegg få utvida næringsarealet noko.

Planen vil i tillegg setje fokus på

å gi innbyggjarane og tilreisande betra tilgang til fjorden ved å ta vare på og utbetre eksisterande friområde mot fjorden og få samanhengande grøntkorridorar og turvegar frå sentrum til fjorden. Gaupnegrandane ligg sentrumsnært, er flatt og er godt eigna for universelt utforma turvegar og er einaste staden i sentrum der dei som bur her kan komme ned til fjorden. Kai og småbåthamn er også sentrale område i planen. Det same er naturmangfaldet langs Engjadalselva og fjorden.

Det vart meldt oppstart av planarbeidet 14. februar 2022 og det kom inn fleire innspel. Målet er å få legge ut eit planframlegg til offentleg ettersyn denne hausten. Aktuelle reguleringsføremål er bygg og anlegg (næringsbygg, naust), anlegg for samferdsle og teknisk infrastruktur (veg, parkering,

kai, småbåthamn, turveg mm.), grønstruktur – (naturområde, turdrag, friområde) og bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone.

I Kommuneplanen sin samfunnsdel er det definert nokre overordna tema som kommunen skal jobbe mot. Samfunnsdelen set fokus på tilgjengeleg næringsareal i Gaupne, at stadianalyse Gaupne skal leggjast til grunn for vidare sentrumsutvikling, ein skal vektlegge universell utforming, ein skal sikre tur- og rekreasjonsområde i sentrumsnære område, ivareta areal langs fjord og vassdrag for ålmenta som er eigna for bading og fiske og stanse tap av biologisk mangfald.

I kommuneplanen sin arealdel er mesteparten av planområdet vist som areal for næring. I tillegg er det hamn, småbåthamn og friområde langs begge elvene. Parken pluss den gamle brannstasjonen er vist som friområde. Områda langs elvene er vurdert som viktige friluftsområde. Nedre del av Engjadalselva har restar av det gamle elvedeltaet og er også vurdert som eit viktig naturområde. Det er også vist gang- og sykkelveg langs FV 55 frå sentrum mot bru over Jostedøla. Denne vil gi lettare tilkomst til den nye turvegen frå Gaupne til Marifjøra.

Det oppfylte området på austsida av Engjadalselva har lang solgang og har eit stort potensiale som framtidig friområde. I dag er det uråd å komme ned til fjorden frå dette området grunna bratte skråningar mot fjorden.





Mange likar å gå tur langs fjorden retning Hotlekaia.
Denne stien er tenkt utbetra.



Det er ikkje mange stader ein kjem ned til fjorden i Gaupne då mesteparten av strandsona er steinfylling.



Der Engjadalselva møter fjorden er det ei fin lita «lagune».

I communal plan for trafikktrygging står det at gangsti - turveg til Hotla krev utarbeidning av reguleringsplan for å kunne realiserast og i communal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv står det at sentrumsnære turvegar er høgt prioritert og at tursti Haugabru - Hotla er prioritert for tilskot. Andre planar som set føringar for området er skredfarekartlegginga frå 2015 og ikkje minst flaumsonekartlegginga frå 2019. Mesteparten av Gaupnegrandane har fare for flaum.

Gaupnegrandane var tidlegare eit stort elvedelta. Fylkesveg 55 fekk ny bru i 1965

og veggen vart lagt i den store bogen mellom det nye kommunesenteret og fjorden. Under utbygginga av Leirdøla frå 1974 og Jostedalsutbygginga frå 1984 til 1989 vart

området oppfylt av massar frå oppmudring og frå tunellmasse frå kraftutbygginga. Det var planar om å byggje store stålsekjonar til oljeplattformer i området og ein kan enno sjå restar av fundamenta til denne satsinga. Reguleringsplanen for Gaupnegrandane frå 1984 vart vedteke i kommunestyret med flystripe langs Jostedøla, men denne delen av planen vart teke ut av stadfestinga av Fylkesmannen. Spolebasen som nytta dette området vart lagt ned i 2010.

Gaupnegrandane er den staden der innbyggjarane i Gaupne lettast kan få tilgang til fjorden. I den vesle laguna der

Engjadalselva møter fjorden sjøsette dei kanoar ved det årlege arrangementet Fri Moro for skuleelevar i 4-7 klasse.

I skogen mellom dei regulerte industritomtene og Engjadalselva har barnehagen etablert eit leikeområde. Tilgangen til dette leikeområdet er frå den etablerte turvegen langs elva. Mange går på elveforbygginga mot Jostedøla og vidare ned på Gaupnegrandane. På austsida av Engjadalselva er området fylt opp med tunnelmasse slik at det er bratt skråning ned til fjorden. Nord i området opp mot fylkesvegen ligg Parken.

Planen er stor, omsyna er mange så dette vert eit spennande planarbeid som kan bety mykje for innbyggjarane i kommunen.

Lundshaugen 2 – planID 2020010

Planprosessen har vore lang og det har vore fleire forslag til løysingar for å få fleire bustadtomter i samband med bustadfeltet Lundshaugen. Framleggjett som no er under arbeid er nye tomter på begge sider av vegen til Moseng.



Den nordlegaste parkeringsplassen på Tungestølen.



Den nye barnehagen manglar bilfri gangveg til sentrum.

Fylkeskommunen har vurdert at det er naudsynt med ei grundig utgreiing av området for å registrere eventuelle kulturminne. Dette vil mest sannsynleg skje i løpet av sommaren. Når kulturminneregistreringa er avslutta, vil planen bli sendt til fyrste gangs handsaming i plan- og forvaltningsutvalet.

Sandvikhaugen

– planID 2022002

Det er starta reguleringsarbeid i samband med ei mindre utbygging på Sandvik i Gaupne. Det skal leggjast til retta for 1-2 nye tomter og vegen skal utbetrast. Planen vil verta lagt fram for fyrste gongs handsaming juni 2022.

Marifjøra – Marheim

– planID: 2021003

Det skal lagast ny reguleringsplan for Marifjøra. Hovudføremålet med planen er tilrettelegging for nytt/utvida bustadfelt i bakkane over sentrum. Området som er regulert til bustadbygging i gjeldande plan skal inngå i den nye bustadreguleringa med

heilt nye løysingar. Området som er avsett i arealdel til kommuneplanen er 32 daa og tal hus / bueiningar er på 32. Området er prioritert for einebustadar.

Luster kommune ynskjer samtidig å få ein oppdatert reguleringsplan for heile Marifjøra der planføremål og reguleringsføresegner er i samsvar med gjeldande plan- og bygningslov.

Melding om oppstart av planarbeidet vart sendt ut i februar.

Reguleringsplan parkering Tungestølen

Kommunestyret i Luster gjorde i møte 12.05.22 (sak K-28/22) vedtak om eigengodkjenning av detaljreguleringsplan parkering Tungestølen. Plankartet legg til rette for 3 parkeringsareal, slik at det er tilrettelagt parkering for privatbilar, bobil og bussar. Det er også lagt til rette for snuplass med mulighet for avgang og påstigning nærmast bruva over mot Tungestølen.

Hovudføremål med planen er å betre parkeringsstrukturen på Tungestølen. Planarbeidet har

til hensikt å kanalisere trafikken i området og gjere det tydlegare kor det skal parkerast. Det er lagt til rette for ca. 50-75 bilar, med moglegheit for utviding av parkeringsarealet ved behov. Tiltaket er viktig med tanke på utnytte kapasiteten Tungestølen har fullt ut, samstundes som det også tek høgde for at det er aktiv landbruksdrift i området. Arealet som er regulert til landbruksføremål kan nyttast av landbruksnæringa til mellom anna sankekveer og liknande.

Private reguleringsplanar som er under arbeid:

Turtagrø Panorama

Dette er ein privat reguleringsplan for eit lite hytteområde i lia like bak Turtagrø hotell. Plan-id 2019003. Planen har vore ute til offentleg ettersyn.

Kommunedelplan for trafikktrygging

Planen har vore ute til høyring og det kom inn svært mange merknader til planen. Dei fleste av desse er innarbeida i planen og planen skal etter planen til vedtak i kommunestyret før sommarferien.

Nytt bustadfelt i Gaupne



Arbeidet med det nye bustadfeltet framom Lustrahallen pågår for fullt. Det er Ole Mads Norenberg som vart tildelt arbeidet med utbygginga av feltet. Arbeida starta i mars og skal etter planen vere ferdig i midten av juli.

Det er Norconsult AS som har laga reguleringsplan og detaljplanar for bustadfeltet. Det er planlagt tre einebustadtomter og ein kombinasjon av rekkehus og tomannsbustader. Tomtar vil verte lagt ut for sal i løpet av hausten.



Vestland fylkeskommune melder også om asfaltering i Luster. Dette gjeld Veitastrondsvegen, Lambhaug og Jostedalsvegen.

Asfaltering i Luster

Luster kommune har kvart år sett av ein sum til asfaltering på kommunale vegar og i bustadfelt. Kor mykje dekke me får lagt kjem an på kva prisar me får inn frå tilbydarar.

For 2022 er desse vegane prioritert:

- Beimsbakkane (Hafslo)
- Leirdalsvegen (ca. 1100m)
- Høyheimsvegen (ca. 400m på to plassar)
- Gaupnegrandane (ca. 200m, arm til Statkraft/ NTP)
- Rådhusvegen (ca. 200m)
- Steinabakken (Luster, ca. 650m)

Arbeidet vert lyst ut på tilbod i juni. Tidspunkt for dekkelegging etter avtale med entreprenør som får arbeidet.



Skogkveld på hafslo hausten 2021 med ordførar til stades.

Stort uttak av skog i Luster i 2021

Mykje av grana som vart planta frå 1950 og 60-talet er no mogen for hogst, og med gode prisar vart det rekord stort uttak i kommunen i året som var. Den høge hogstaktiviteten held fram i 2022.

Mange har ei meinинг om grana der ho står og kler lisider og andre område i kommunen vår. Det dei fleste ikkje er klår over er at grana var eit vanleg treslag på Vestlandet i siste mellomistid, for ca. 117.000 år sidan. Analyser av pollen frå sediment har vist det. Grana er framleis til stades naturleg med eige arvemateriale som viser at ho etter siste istid har kryssa fjella og spreidd seg til våre trakter mellom anna i Lustraallmenningen og nokre plassar på Hafslo. Men dei siste tiåra har ho fått god hjelp av skogreisinga gjort med

menneskehend. Søren Vee reiste i 1940 rundt i distriktet og registrerte gran og i vår kommune, og det er gjort oppteikningar frå dette arbeidet. Mange har opplevd å plante gran som skuleungdom og dette var ein del av ideen om å plante granskog i det såkalla regnbeltet i dei midtre fjordstroka. Fylkesskogmeister frå denne tida Barthold Vonen, Dale i Sunnfjord var ein ambisjonsrik skogmann som sette i gong med granplanting der tanken var å byggje opp ressursar og å skape verdiar. Han fekk såkalla Borregardmidlar (ca. 2 mill kr.) som vart øyremerkt til berre å gjelde for Sogn og Fjordane. Dette for å sikre framtidig skog til industrien, les treverksemda ved Sarpefossen, Glomma sitt utlaup. Før dette hadde ein prøvd å tresetje kysten med

furu, etter kvart gran, men dette vart mislukka etter å ha blåst bort og blitt nedbeita.

Betre enn ryktet sitt

Grana har dobbel så rask vekst som furua og produserer det dobbelte i masse på halvparten av tida som furu gjer. Grana har og gode og betre styrkeeigenskapar enn furua om ho vert planta tett. Det har vore drive ein del foredlingsarbeid som har resultert i godt genetisk material som gjev betre kvalitet. Det var inntil nyleg plantasjar for produksjon av frø til granplanter både i Årøy og på Kaupanger. Så ryktet om at gran har dårlig kvalitet som trelast er ikkje riktig.

I tillegg til eit framifrå konstruksjonsvirke vert grana nytta til produksjon av papir og kartong

som kan nyttast til emballasje. Ein kan dessutan utvinne stoff som kan erstatte soya i kraftfor, og ingrediensar til matindustrien, t.d. vanilin som erstattar vanilje.

Tre bind dessutan CO₂, og ved å nytte tre i bygg er det gunstig for klimarekneskapen. Ein kan også lage biokol, noko som er ei energiutvinning samstundes som ein sitt att med eit jordforbetringprodukt.

I klimarekneskapen for Norge er ikkje skogen teke med som eit tiltak, og ein del er usamde i dette.

Hogstane i Luster er med hogstmaskiner. Det kan vere uttak med taubane i bratt terreng, og hogstmaskin og lassberar i flatare terrenget. Ved taubanedrift tek ein ut heile treet med topp og greiner og ein unngår køyring i terrenget som kan gje erosjon. Taubanedrift er difor rekna som ein miljøvennleg hogst. Den andre metoden med hogstmaskin kapper og kvistar trea i marka før dei vert lagt i «buntar» og køyrd til tømmerveltepllassen med lassberar, der tømmerbilen kan hente det. Det meste av tømmeret frå Luster vert køyrd til tømmerkaia i Kaupanger. Kor tømmeret går vidare er avhengig av kven som er kjøpar, men mykje av sagtømmeret går til eit stort sagbruk i Tyskland. Noko kan dessutan gå til Moelven Granvin Bruk. Norge går glipp av mykje verdiskaping ved å sende tømmeret ut, og det burde difor ha vore fleire sagbruk og meir treforedlingsindustri i Norge.

Økonomi

Eit grantrå er moden for hogst rundt 70 år gamalt. Sida det er dei siste 10-15 åra i omløpet trea verkeleg legg på seg, er det dårleg økonomi og hogge 50 år gammal skog. Då tapar skogeigar store verdiar. I ein hogstmoden granskog kan ein rekne at det står 60 kubikkmeter, t.d. 180 tre som vert tekne ut og ca. 350 liter i volum per tre. På dårlegare mark med gran kan kubikkmassen vere berre 35 kbm

men og opp i 75 kbm på verkeleg god mark ved hogstmoden alder.

Økonomien i ei drift avgjerast av tømmerprisar, kor stor del sagtømmer det er i bestandet og tilstand på skogsvegnettet som både er private, kommunale og fylkeskommunale vegar. I Luster er det døme på store område med gran der det kommunale vegnettet gjer at ein berre kan køyre med enkel tømmerbil, og endå til berre laste opp nokre få stokkar om gongen for å køyre lovleg. Dette gjer sjølv sagt økonomien for skogeigaren dårleg, i verste fall går den i null, i tillegg er det dårleg for klimaet å måtte køyre 250 turar istadenfor 50 turar med tømmerbil for å transportere ut det same tømmeret. Det vil difor i mange hove og vere god miljøpolitikk å «skrive opp» vegane der det er mogeleg eller gjere utbetringer. Dette gjeld også i Luster kommune.

Krav om ny skog, gode tilskotsordningar

Norsk skogpolitikk og forvaltning er regulert av lovverk og det er etter hogst krav om at ny skog, med same eller betre produksjonsevne kjem opp. I praksis vil dette seie at ein må plante gran der det har stått gran. Generelt forsvinn mykje areal med gran på Vestlandet, kanskje opp mot 50%, fordi det ikkje blir planta ny skog etter hogst. Når vi veit at sagtømmer av gran er det beste ein finn til å lage konstruksjonsvirke er dette ei uheldig utvikling. I Luster kommune har skogeigarane vore flinke med å fornye skogen sin etter hogst. Vi har også gode tilskotsordningar, der staten yter 50% av kostnaden medan kommunen gjev 20%. Eigendelen kan ein bruke ei ordning som heiter skogfond til å dekke. Med prisane på skogplanter og arbeid kostar det i dag i underkant av kr. 2000 + mva å plante til 1 dekar skogsmark, med 250 tre som er vanleg plantetal. Som sagt er det tilskot og skogfond

som finansierer dette. Sidan skogfondet har skattefordel vil difor utgifa vere sjølvfinansierande om ein er registrert med meirverdiavgift.

I Luster er det ulike typar skog, furuskog, lauvskog og blandingsskog av desse i tillegg til granskog.

Søk faglege råd

Det å vere skogeigar er ei stor oppgåve med mykje ansvar om ein skal gjere tiltak. Ein treng mykje kunnskap om ein skal gjere alt riktig. Samstundes, om ein har sikra god forynging etter hogst og helst forsikra skogen kan ein lene seg tilbake og tenke at ein kan ha godt samvit. Kvar gong ein skal gjere eit tiltak, bør ein søke faglege råd. I Luster fekk skogeigarane skogbruksplan for 20 år sidan. Ein reknar at dei bør fornyast etter 10 år, så det er viktig at vi raskt får ny områdetakst og utarbeiding av nye planar i kommunen vår. Det er Statsforvaltar som er ansvarleg for det. I Luster vart planane utarbeidd for 20 år sidan nærmast fullfinansiert gjennom gode tilskotsordningar, og over 90% av skogeigedomane i Luster fekk den gongen skogbruksplan.

Miljøbiten i skogbruket er fanga opp av ein forkorting som heiter PEFC og er eit sertifiseringssystem. Kortversjonen av dette er at skogbruksplanane har miljøområde som skogeigar, entreprenør og tømmerkjøpar må ta omsyn til når dei hogg.

Hogsten i Luster var i 2021 på ca. 27.000 kubikkmeter. Bruttoverdien av tømmeret var på 11,3 millionar. Ein reknar med at tømmerstokken gjennom ei verdikjede har ein multiplikatoreffekt på 12 gongar. Dvs. at verdiskapinga (auka BNP) dette hogstvolumet utgjer er på 130 millionar. Meir av denne verdiskapinga må takast ut i Norge.



UU-rampen er banebrytande med tanke på at funksjonshemma og andre med liten erfaring her vil få vesentleg betre tilgjenge til Hafslovatnet med kano og kajakk.



Naturmøteplassen

Samarbeidsprosjektet på Hafslo vil få sin generalprøve i sommar. Hafslo idrettslag, Hafslo bygdelag og Luster kommune har så langt opparbeida ein flott naturmøteplass. Arbeidet med båhuset for kano og kajakk er no ferdig og den spesielle UU-rampen for sjøsetting av kajakk er under montering då Lustranytt var på inspeksjon 19. mai. I tillegg innehold naturmøteplassen ved Hafslovatnet også ein populær gapahuk og ei ferdig preparert badestrond.

Finansieringa er kome i stand ved løyving frå Gjensidigestiftinga, Luster kommune, Vestland fylkeskommune og spelemidlar frå Norsk Tipping.

Prosjektet har hatt høg prioritet i Vestland fylke, og er å rekna som eit «pilot-prosjekt». UU-rampen er banebrytande med tanke på at funksjonshemma og andre med liten erfaring her vil få vesentleg betre tilgjenge til Hafslovatnet med kano og kajakk. Hovedentrepreneur har vore Melheim Entreprenør AS. Prosjektet er utvikla i samarbeid med Hafslo Byggservice AS, tømrararbeidet er utført av Lars Erik Kjos og UU-rampen er utvikla og montert av Sogn Industri AS, Førde.

Korleis dette prosjektet kan utviklast vidare som eit aktivitetsområde og arena for vannsport på Hafslovatnet er ei ny og kreativ oppgåve for lag og organisasjonar i kommunen.

Tildeling spelemidlar 2022


Luster kommune har fått stadfesting på fordelinga av spelemidlar for 2022, og desse prosjekta er tildelt tilskot:

Nærmiljøanlegg

Skjolden ballbinge, I.L. Fanaråk	kr	168 000
Turstien Solvorn – Gamlegalden, Solvorn bygdalag	kr	153 000

Ordinære idrettsanlegg

Gaupne idrettshall, Luster kommune (sluttutbetaling)	kr	2 146 000
Gaupne stadion, treningsanl. fotball, I.L. Bjørn	kr	455 000
Gaupne stadion, friidrettsanl. I.L. Bjørn (delutbetaling)	kr	1 000 000
Luster motorsport, knattecross, I.L. Bjørn	kr	153 000
Luster motorsport, enduro, I.L. Bjørn	kr	88 000
Hafslovatnet gapahuk, Hafslo I.L.	kr	123 000



Gjev tilskot til kultur- og friluftslivsaktivitetar

Plan- og forvaltningsutvalet vedtok den 7. april 2022 å gje tilskot til diverse aktivitetar innan kultur- og friluftsliv.

Kr 23 000 til friluftsliv, kr 13 200 til underskotsgaranti i samband med arrangement, kr 10 000 til instrumentkjøp, kr 70 000 til kulturminnevern og kr 65 000 til kulturvern.

Friluftslivsaktivitet

Veitastrand IL har fått tilskot til leige av snøskuter ved oppkøyring av skiløyper, IL Fanaråk har fått tilskot til oppkøyring av løyper i Turtagrøområdet, Jostedal bygdelag til brøyting og strøing av veg som lettar tilgangen til mange skiturar i fjellet og Sogn og Fjordane turlag har fått tilskot til utarbeiding av turprogram.

Underskotsgaranti

Hafslo songlag til konsert i Dale kyrkje den 11. juni, LustraLøst til marknadshelg i Luster 13. og 14. august, Luster frivilligsentral til ei teaterforestilling for barn og unge i desember.

Instrumentkjøp

Hafslo skule- og ungdomskorps har fått tilskot til kjøp av instrument medan Hafslo songlag har fått tilskot til el. piano.

Kulturminnevern

Kvåle gard i Luster, har fått tilskot til restaurering av låve som er teikna av arkitekt Ole Landmark og som har stor kulturhistorisk verdi.

Kulturvern

Hafslo sogelag har fått tilskot til drift av husmannsplassen



Luster turlag til Tadlaveiti.

Fluga, landskapspleie på Modvo, bygdebok for Solvorn og prosjektet «Kulturen i Naturen». Stiftinga Wittgenstein har fått tilskot til forsikring av Wittgensteinhuset.

Anna:

Søknadsfristen for tilskot til kulturføremål 2022 var 1. mars. Det er framleis att pengar på budsjettet så det er høve for frivillige organisasjonar å søkje om tilskot framover. Søknadane blir handsama etter kvart som dei kjem inn.



På besøk i Gaupne gamle kyrkje.

Veggmåleri i kyrkjer i Luster

Konservator Tone Olstad, Susanne Kaun og kunsthistorikar Elisabeth Andersen frå norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) jobbar for tida med eit forskningsprosjekt om veggmåleri i norske kyrkjer. I dette prosjektet skal dei samanlikne veggmåleri i stein- og trekyrkjer frå før 1800; og kva motiv me kan finne? Kven har måla dei? Og kva ulikskap og likskap er det mellom veggmåleria

i stein- og trekyrkjer? Dette er nokre av dei mange spørsmåla forskarane stiller seg på sine rundreiser til utvalde kyrkjer der Gaupne gamle kyrkje er ei av desse. Den 23. mars besøkte dei Dale kyrkje og Gaupne gamle kyrkje på jakt etter ny kunnskap om desse fantastiske veggmåleria. Dagen etterpå den 24. gjekk turen vidare til kyrkjene i Jostedal og på Joranger.

Jubileum 7. april

7 april var det jubileum på Eikum hotell for å heidre tilsette med lang og tru teneste. Det vart servert god mat og flott

underhaldning ved Einar Bolstad og Bjørn Tore Årøy. Tilsette i 25 år fekk overrekt bilet og blomar og tilsette i 40 år fekk overrekt

diplom, pengegåve og blomar. Dei vart takka med gode ord frå ordførar og rådmann.



Tilsette som fekk heider for 25 års teneste i Luster kommune

Bak, frå v: Ordførar Ivar Kvalen, Marit Nondal, Wenche Haraldseid Weka, Anne Iren Falkgjerdet, Siv Anja Kvalsøren, Jane Engjom, Olav Bruheim. Midtre rekke frå v: Gjertrud Storvik, Hanne Siri Kvåle, Judith Gausdal, Karen Margrete Bruflat, Gunn Merete Solvi, Hilde Holte Selland, Arild Tangnes, rådmann Jarle Skartun.

Sitjande framme frå venstre: Carolina Van Elswijk Navarro, Liv Anny Bjørk Kjærvik, Grete Ulviksbakken.

Tilsette som ikkje var til stades:

Bente Kjørlaug, Borgny Leirdal, Laila Bruhaug, Lars Erik Sannebro, Arve Lomheim, Jane Fasteland Molland, Anette Sletten, Britt Marie Veum Hauge.



Tilsette som fekk heider for 40 års teneste i Luster kommune

F.v.: Ordførar Ivar Kvalen, Erling Bjørnetun, Kari Kristine Lomheim, Knut Cotta Schønberg, Rådmann Jarle Skartun



Signy Øren 100 år

26. mars vart Signy Øren heile 100 år. Ordførar Ivar Kvalen besøkte henne i heimen på Gaupne eldresenter og fortel frå besøket.

– Signy er ein utruleg sprek 100åring, ho skjenka sjølv i kaffi til gjestene sine. Ho har daglege trimturar rundt i Gaupne heile året.


Signy flytte til Årdal rett etter krigen og har budd der

til ho flytte tilbake til Gaupne i 2021.

Heile livet har Signy vore fysisk aktiv. Det har vorte mange fjellturar i Jotunheimen, Årdal og Lustrafjella. Det var kjekt å høre Signy fortelje om kvardagslivet i Gaupne under oppveksten og ungdomstida.

Dagen vart feira med familie og vener.

Returadresse:
Luster kommune
Postboks 77
N-6866 Gaupne
Noreg / Norway



Ungdommen sitt kommunestyre er komne på instagram

Føl dei gjerne:
UK.Luster



*Arbeidsutval for Ungdommen sitt
kommunestyre fv.:
Aleksander Sognnes Heltne, Oda Bertine
Bondevik Lie og Jone Hovland Vigdal.*



LUSTRA NYTT Nr. 1 - 2022

Opplag: 4.150. Vert distribuert gratis til alle husstandar i Luster kommune og til abonnentar utanfor kommunen. Magasinet vert også sendt til alle avdelingar på Lærdal sjukehus.

Redaksjonen avslutta 16. juni 2022

Ansvarleg redaktør: Rådmann Jarle Skartun.

Redaksjonen er lagt til Servicetorget v/Ingrid Haukadal.

Alle tenesteeiningar har informasjonsansvar, og er bidragsytarar til redaksjonen.

Tilbakemeldingar, tips osv. kan gjevast til nemnde adresser.

Redaksjonen si adresse:
Luster kommune, Lustranytt,
Postboks 77, 6866 Gaupne
Tlf. 57 68 55 00
E-post: postmottak@luster.kommune.no
Layout/produksjon: sognefjord.net as | Tlf 959 86 632

Framsidefoto: Vinner av Årets bedrift 2022 – Nes Gard
Foto: Lustramarknaden, Robert Austheim

Viktige telefonnummer

Helseenteret/Lege i kontortida

Tlf. 57 68 56 00

Sentralbordet i servicetorget på rådhuset er også sentralbord for kontora på helseenteret med unnatak for legane, dvs. for fysioterapi, ergoterapi, jordmor, helsestasjonen og psykisk helse.

LEGEVAKT	Tlf. 116 117
TANNLEGEN i Nesgården	Tlf. 57 65 63 90
KOMMUNALTEKN. BEREDSKAP (Veg/vatn/kloakk)	Mob. 481 02 120
NAV Luster	Tlf. 55 55 33 33

Andre viktige telefonnr.:	
Melding om brann	Tlf. 110
Vakthavande brannbefal	Mob. 416 59 440
Politi/Lensmann	Tlf. 112
Ambulanse	Tlf. 113

Nytt fagbrev på IKT



Sondre
Høgi Berge
tok i januar
fagprøven i
dataelektronikar-
faget.

Sondre har hatt
læretida si ved
IKT-avdelinga
i Luster
kommune.

Me gratulerar!

